




KI-notat nr.: 82/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Kraftkarane AS/Bondhus kraftverk	
Fylke/kommune:	Hordaland/Kvinnherad	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Vegard Hotvedt Strømsvåg	Sign.: 
Dato:	26 OKT 2009	
Vår ref.:	NVE 200707153-27	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org. nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Bondhus kraftverk i Kvinnherad kommune, Hordaland fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Uttalelser til søknaden	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	16
Tilleggsuttalelse etter sluttbefaringen 14.10.2008:	26
Søkers kommentarer til tilleggsuttalelsen	29
Tilleggsopplysninger	32
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	33
NVEs vurdering	39
NVEs konklusjon	45

Sammendrag

Kraftkarane AS søker etter vannressursloven § 8 om tillatelse til å bygge Bondhus kraftverk i Bondhuselva i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke. Det søkes også om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg.

Det er presentert to utbyggingsalternativ. I alternativ 1 vil inntaket bli plassert på kote 120 og rørgaten vil i sin helhet gå på vestsiden av elva. I alternativ 2 vil inntaket bli plassert på kote 80 og rørgaten vil gå i vei langs østsiden av elva frem til bro på ca. kote 60 hvor den vil krysse elva og ha samme trasé som alternativ 1 frem til planlagt kraftstasjonsplassering på kote 20.

Ved alternativ 1 vil kraftverket ha et nedbørfelt på 32,3 km². Middelvannføringen er beregnet til 3,23 m³/s og alminnelig lavvannføring er beregnet til 0,29 m³/s. 5-persentil for sommervannføring er 1,10 m³/s og 5-persentil for vintervannføring er 0,65 m³/s. Søker har foreslått en minstevannføring på 0,87 m³/s i perioden 1. juni til 1. september og 0,30 m³/s resten av året. Kraftverket er planlagt med en installert effekt på 3,9 MW og en slukeevne på 4,8 m³/s som tilsvarer 150 % av middelvannføringen. Laveste slukeevne vil være på 0,15 m³/s. En utbygging etter alternativ 1 vil på bakgrunn av dette gi en midlere årlig produksjon på ca. 15,4 GWh.

Ved alternativ 2 vil kraftverket ha noe større nedbørfelt, middelvannføring og 5-persentiler enn for alternativ 1. Ved slipp av minstevannføring på 0,29 m³/s hele året vil kraftverket etter dette alternativet få en midlere årlig produksjon på ca. 10 GWh.

Om lag 23,5 km² av nedbørfeltet som drenerer til Bondhuselva ble overført til Mauranger kraftverk på 1970-tallet.

Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune, Sjøtroll Havbruk og Bondhus grunneigerlag er positive til bygging av Bondhus kraftverk under visse forutsetninger. Argumentene for en utbygging er i hovedsak knyttet til økt lokal verdiskapning. Fylkesmannen i Hordaland, Naturvernforbundet i Hordaland, Bergen turlag og Norges jeger- og fiskerforbund er imot en bygging av Bondhus kraftverk. Argumentene mot Bondhus kraftverk er i hovedsak knyttet til negative virkninger for landskap, biologisk mangfold og turisme.

NVE har vurdert den innkomne søknaden med tilhørende rapporter, en mose- og lavundersøkelse (Odland og Tønsberg 2007), innkomne høringsuttalelser og inntrykk fra befarung. Dette danner grunnlaget for vårt vedtak.

Etter NVEs syn vil en utbygging bidra til å styrke inntektsgrunnlaget for tiltakshaver og grunneierne og kunne gi noe lokal verdiskapning.

Utbyggingen vil gi redusert vannføring mellom inntak og kraftstasjon. Vasshalemose som har status som sterkt truet i den nasjonale Rødlista er påvist nedstrøms inntaksalternativet på kote 80 og vil derfor bli berørt ved begge utbyggingsalternativene. Arten er sårbar for vannstandsendringer og uttørring, og NVE mener at utbyggingen med overveiende sannsynlighet kan føre til bortfall av denne forekomsten. NVE anser derfor byggingen av Bondhus kraftverk for å være svært negativt for biologisk mangfold.

Bondhusdalen har etter vårt syn store landskapsmessige kvaliteter, og Bondhuselva er et viktig landskapselement. Videre vil deler av kraftverksområdet ved en utbygging etter alternativ 1 ligge innenfor Bondhusdalen landskapsvernområde og være i strid med verneforskriften. En utbygging som omsøkt vil etter NVEs mening ha store negative konsekvenser for landskapsopplevelsen i Bondhusdalen. Utbyggingen kan derfor etter NVEs syn medføre negative følger for turisme og reiseliv. Ved å se på sumeffekten av utbyggingene i området rundt Hardangerfjorden og Folgefonnhalvøya, mener NVE at en utbygging av Bondhuselva kan bidra til å svekke regionens særpreget og kan være negativ for det helhetlige inntrykket av området.

Selv om tiltaket vil gi positive virkninger gjennom økt kraftproduksjon og lokal verdiskapning, samt at den kan bidra til å opprettholde lokal bosetting og næringsutvikling, mener NVE at disse fordelene ikke oppveier de nevnte ulempene. NVE mener at selv med avbøtende tiltak vil konsekvensene ved bygging av kraftverket være store for arten vasshalemose og Bondhusdalen som landskapsområde og turmål.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene ved tiltaket ikke overstiger ulempene for allmenne og private interesser. Spesielt vil utbyggingen være negativ for landskapsverdiene i Bondhusdalen og være en trussel mot vasshalemose som har status som sterkt truet i den nasjonale Rødlista. Dette står etter vårt syn ikke i forhold til kraftproduksjonen på ca. 15,4 GWh/år som kraftverket vil gi etter foreliggende planer eller øvrige positive effekter av en utbygging. Kravet i vannressursloven § 25 er dermed ikke oppfylt og konsesjon for bygging av Bondhus kraftverk kan ikke gis.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Kraftkarane AS, datert 31.07.2007:

"KraftKarane AS v/Lars-Arne Eide, Brekke, 5627 Jondal søker om å få nytta fallet i Bondhuselva, i Kvinnherad kommune, Hordaland fylke, og søker med dette om fylgjande løyver:

1. Etter vannressursloven, jfr. § 8, om løyve til:

- å byggje Bondhus kraftverk i Bondhuselva som vist i søknaden.

2. Etter energilova om løyve til:

- byggja og drifta Bondhus kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som vist i søknaden.
- Utbyggjar vil inngå avtale om driftsansvaret, ikkje avklart med kven endå.

3. Etter forureiningslova om løyve til:

- Å gjennomføra tiltaket.

Konsesjonssøknad er utarbeid av Opticonsult AS, og er oversendt elektronisk dykkar kontor den 25. juli 07.

Naudsynte opplysningar om tiltaket ligg i tilsendte papir. Me ber med dette om snarleg handsaming av søknaden."

Hoveddata for det planlagte kraftverket er som følger:

"...

Nedbørsfelt Bondhuselva (km ²)	32,3
Midlere årlig avrenning (m ³ /s)	3,23
Alminnelig lavvannsføring (m ³ /s)	0,291
Inntak Bondhuselva (moh)	120
Kraftstasjon ved Bondhus (moh)	20
Brutto fallhøyde (m)	100
Midlere energiekvivalent (kWh/m ³)	0,25
Slukeevne, maksimal (m ³ /s)	4,845
Slukeevne, minimum (m ³ /s)	0,15
Tilløpsrør, diameter (mm)	1400
Tilløpsrør, lengde (m)	1740
Installert effekt, maks (kW)	3900
Brukstid (t)	4300

<i>Produksjon, vinter 1/10-30/4 (GWh)</i>	<i>6,8</i>
<i>Produksjon, sommer 1/5-30/9 (GWh)</i>	<i>9,9</i>
<i>Produksjon, årlig middel (GWh) (er benyttet år 1999)</i>	<i>16,7</i>
<i>Utbyggingskostnad (mill. kr)</i>	<i>33,1</i>
<i>Utbyggingspris (kr/kWh)</i>	<i>2,01</i>

Elektriske anlegg

<i>Generator</i>	<i>Ytelse MVA</i>	<i>Spenning kV</i>
<i>Synkron</i>	<i>4,2</i>	<i>0,69 alternativ 1,0</i>
<i>Transformator</i>	<i>Ytelse MVA</i>	<i>Omsetning kV/kV</i>
	<i>4,2</i>	<i>0,69 alternativ 1,0/22</i>
<i>Kraftlinjer</i>	<i>Lengde, m</i>	<i>Nominell spenning kV</i>
<i>Luftlinje</i>	<i>180</i>	<i>22</i>

”

Uttalelser til søknaden

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Kvinnherad kommune gjorde følgende vedtak i formannskapet 16.08.2007

”...

- 1. Kvinnherad kommune tilrår konsesjon for den omsøkte utbygginga av Bondhus kraftverk i Mauranger.*
- 2. Anleggsarbeidet må utførast på ein skånsam måte slik at naturinngrepa blir minst mogleg. Dette gjeld også massetak og -deponi og midlertidige anleggsvegar.*
- 3. Det må vurderast nærare å føra straumen i jordkabel frå kraftstasjonen og fram til eksisterande kraftline.”*

Vi refererer videre fra saksbehandlingen:

”...

Det aktuelle området er i kommunedelplanen for Mauranger-området vist som LNF og det må difor søkjast dispensasjon frå denne. Området nærast elva er vist delvis med natur og friluftsliv som dominerande interesser.

Saman med konsesjonssøknaden følgjer ei vurdering av biologisk mangfald der verdien av området er sett til middels, verknader av tiltaket er sett til små negative. Ei samla vurdering er sett til liten negativ verknad når det gjeld biologisk mangfald.

Området har stor verdi m.o.t. kvartærgeologiske landformer og som innfallsport til Folgefonna Nasjonalpark. Området er mykje brukt som friluftsliv- og utfartsområde og har stor verdi for reiselivsnæringa. Det må sikrast ei restvassføring som gjer at opplevingsverdien vert minst mogleg redusert.

Slik prosjektet er framstilt i konsesjonssøknaden, vil inntaket bli liggjande like inntil grensa for Bondhusdalen Landskapsvernområde. Dette vil likevel ikkje vera til ulempe for verneinteressene all den tid inntaksarrangementet vert godt skjerma.

Avdi inntak, tilløpsrør og kraftstasjon vert på austsida av Bondhuselva, vert det ikkje gjort inngrep på vestsida der turistvegen til Bondhusvatnet går. Anlegget vert derimot godt synleg frå turistvegen og det må leggjast vinn på at anleggsarbeidet vert utført på ein mest mogleg skånsam måte. Dette gjeld også massetak og -deponi og midlertidige anleggsvegar.

Den planlagde luftlina frå kraftstasjonen og fram til eksisterande line kan framstå som dominerande langs vassdraget og det bør vurderast å leggja lina i kabel på austsida av elva.

Det vil bli tilrettelagt for uttak av drikkevatt frå turbinrøyrret, noko som vil betra drikkevassforsyninga til bygda.

Utbygginga av Bondhus kraftverk vil ikkje ha negativ innverknad på vassforsyninga til Mauranger Laks sitt setjefiskanlegg.

Kraftanlegget vil gje inntekter til fleire grunneigarar i bygda og dermed styrkja busetnaden.

I konsesjonssøknaden er det også skissert eit alternativ 2 med inntak på vestsida av Bondhuselva. Her må røyrtraseen følgja turistvegen og kryssa Bondhuselva like nedanfor Smalastølsbrua. Dette alternativet vil gje større naturinngrep enn det omsøkte alternativet og bør difor fråråkast.

Uttale frå eldrerådet: Ikkje relevant.

Økonomisk konsekvens: Den omsøkte utbygginga vil tilføra lokalsamfunnet og kommunen inntekter.

Miljømessig konsekvens: Miljømessige konsekvensar er vurderte som relativt små.

...

Fylkesmannen i Hordaland uttaler i brev datert 03.08.2007:

"...

Reiseliv/turisme, friluftsliv, opplevingsverdi og landskap

Bondhusdalen er utan tvil det dalføret på Folgefonnhalvøya som har størst verdi både symbolsk og reelt som innfallspori til breen og nasjonalparken. Området har store landskaps og opplevingsverdiar på grunn av eit særskilt vakkert og dramatisk landskap, ikkje minst knytt til elva, vatnet og brefallet. Dalføret er eit sentralt besøksmål for tusenvis av turistar kvart år og er eitt av dei mest kjente og nytta turistområde i fylket. Bondhusdalen har vore viktig heilt sidan den gryande turisme utvikla seg meir enn hundre år attende. Breidablikk turisthytte og "Keisarstien" er historiske vitnesbyrd frå denne tida. Bondhusdalen er fortsatt i dag den mest sentrale innfallspori til turlagshytter, turløyper, bre- og klatreområde på Folgefonna, og er viktig for utøving av mange ulike former for friluftsliv. Bondhusdalens unike verdi for regionen og nasjonalparken vil etter vårt syn kome til å auke med tida, og må såleis vere viktig premiss for arealbruk også i framtida.

Grunnen til den statusen Bondhusdalen har for reiseliv/turisme og friluftsliv er mellom anna lett tilgjengeleg tilkomsten til breen og naturområda innfor. Formell opning av Folgefonna nasjonalpark våren 2005 vart lagt til Bondhusdalen, som ein sjølvstendig stad for ein slik seremoni.

Søkjær viser til at vassdraget ikkje er verna og ikkje er urørt. Deler av nedbørsfeltet til Bondhuselva vart overført til Mauranger kraftverk i samband med bygging av Folgefonnverka. Til tross for dette framstår dalen og vassdraget med store kvalitetar. Eksisterande vasskraftutbygging er lite synleg for turistane, og restvassføringa i Bondhuselva er stor nok til å gje elva eit naturleg preg. Elva framstår med mange vakre parti av kulpar og fossestryk. Elva utgjør viktigaste elementet i landskapet langs vegen opp til Bondhusvatnet.

Med den minste vassføringa som er lagt opp til i søknaden vil vatnet i elva nærast forsvinne i lange periodar. Dette er ikkje synleggjort eller problematisert i søknaden.

Etter Fylkesmannens oppfatning vil ikkje auka minste vassføring vere godt nok avbøtande tiltak for å hindre inntrykket av Bondhuselva som eit relativt uberørt og vakkert element i landskapet. Å bygge tersklar for å oppretthalde vatnspeil i elva vil og vere vanskeleg på grunn av grunntilhøva, og vil samstundes føre til nye uakseptable inngrep.

Tilhøvet til Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark

Verneverdiane i Bondhusdalen er kartlagt i samband med arbeidet med verneplan for Folgefonna nasjonalpark og tilliggjande landskapsvernområde. Verneverdiane i Bondhusdalen er i særleg grad knytt til kvartærgeologi, landskap, friluftsliv/naturoppleving og reiseliv/turisme. Verneforslaget som vart fremja til lokal høyring omfatta områda ned til brua i Bondhusdalen. Heile dalføret ned hit var vurdert å ha kvalitetar som kvalifiserar for vern i medhald av naturvernlova.

Planar om kraftutbygging i sjølve Bondhuselva vart ikkje fremja eller diskutert i verneplanprosessen. Dei lokale interessene som sto sentralt i diskusjonen var knytt til landbruket, med spesiell vekt på beiteinteressene i området. Av omsyn til landbruket vart grensa for Bondhusdalen landskapsvernområde til slutt flytta frå brua og opp til området der inntaket til omsøkte kraftverk er tenkt plassert.

Å leggje inntaket til ein kraftstasjon innafor landskapsvernområdet vil etter Fylkesmannens vurdering vere i strid med verneforskrifta § 3 punkt 1.1, der det heiter at "Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter". Dei spesielle unntaksreglane opnar ikkje for formålet. Eventuell dispensasjon må eventuelt vurderast etter den generelle unntaksregelen i § 4. Eit krav som må settast er då at tiltaket "ikkje er i strid med verneformålet".

Fylkesmannen meiner omsøkte kraftanlegg representerer nye og uønska arealinngrep tett inntil og truleg innafor verneområdet. Vi vil peike på at kvalitetane, slik dei vart dokumenterte gjennom verneplanprosessen, er like fullt til stades, uavhengig av kva område som til slutt vart omfatta av vernevedtaket. Dalføret vert opplevd og oppfatta som eitt landskapsrom. Nye inngrep og omfattande anleggsarbeid vil påverke opplevingsverdien i Bondhusdalen på ein svært negativ måte.

Lokal næringsutvikling

Natur- og kulturvern er i dag eit viktig fundament i mange sektorar, ikkje minst turisme og lokal næringsutvikling. Norge undertekna i 2005 eit charter om geoturisme, for å utvikle turistdestinasjonar basert på lokale verdiar med fokus på miljø, kultur og estetikk. I tråd med denne utvikling arbeider Miljøverndepartementet med å utvikle ein ny strategi for naturbasert næringsutvikling i form av eit verdiskapningsprogram. Utgangspunktet er berekraftig bruk av verneområde og fjellområde, og grunnlaget for verdiskapinga er kvalitetane i natur og landskap. Forvaltning av verneområda og randsonene står sentralt i denne satsinga.

Fylkesmannen viser til dette. Dei perspektiva på lokal verdiskaping som går fram av denne konsesjonssøknaden, tek ikkje inn over seg nye utviklingstrekk. Etter Fylkesmannens oppfatning er søknaden utilstrekkeleg som grunnlag for å vurdere det lokale utviklingspotensialet i området.

Fisk - og fiskeinteresser

Søknaden har ei kort omtale av verknader for fisk og ferskvassbiologi. Fylkesmannen meiner utgreiinga både er feil og er misvisande, og rår difor NVE til å sjå bort frå den.

Bondhuselva er ei regionalt viktig sportsfiskeelv. Det er i dag mykje turisme bygd opp rundt fisket etter anadrom laksefisk i elva og i fjorden utanfor. På 1980- og 90-tallet var det godt fiske etter oppdrettslaks i Bondhuselva. Dette har gått ned etter at det kommersielle settefiskanlegget ved elva la om til regnbogaure, og rømingar i oppdrettsnæringa generelt er redusert.

Bondhuselva er likevel fortsatt ei populær fiskeelv. I dag vert det fiska mest sjøaure og rømd regnbogauret, men også noko laks. Det er berre sjøaure det kan seiast å vere ein eiga stamme av i elva, men det reproduserer og laks i nedre delen. Sjøaure nyttar mesteparten av elva som gyteområde. Fylkesmannen har ikkje eksakte opplysningar om kor det faktiske vandringshinderet er, men vi har observasjonar av gytefisk i området nær det planlagde inntaket. Fylkesmannen meiner at sjøaurestamma vil verte vesentleg negativt påverka av tiltaket.

Også tilhøvet for fiske vil bli redusert. Med den planlagde minstevassføringa vil det normalt ikkje vere mogeleg å utøve fiske i området ovanfor kraftstasjonen. Permeable botnmassane i elva fører til at store deler av elvebotnen vil verte turrlagt i periodar. Utan automatisk forbisleppingsventil, vil også elva nedstraums kraftverket få sers små vassføringar, og brå reduksjonar med fare for stranding av fisk.

Utgreiingsnivå

Fylkesmannen registrerer at framlagte konsesjonssøknad ikkje omfattar utgreiing, verdivurdering og konfliktanalyse knytt til dei viktigaste interessene i området. Vi vil spesielt peike på tilhøvet for fisk- og fiskeinteresser, landskap, friluftsliv/naturoppleving og reiseliv/turisme. I den grad søknaden omtalar desse temaene er dei mangelfulle og eller misvisande.

Fylkesmannen viser mellom anna til krav til dokumentasjon og beslutningsgrunnlag som går fram av OEDs "Retningslinjer for små vannkraftverk", som i dag skal danne grunnlag for vurdering av konsesjonssøknader. I konfliktfylte saker er det spesielt viktig å synleggjere interessene på ein grundig og tydeleg måte.

Konklusjon

Søknad om konsesjon til bygging av Bondhusdalen kraftverk er etter Fylkesmannens oppfatning så mangelfull at den ikkje kan danne grunnlag for eit eventuelt positivt vedtak om utbygging.

Fylkesmannen vil rå frå at det vert opna for kraftutbygging i Bondhuselva. Vi viser til at Bondhusdalen har nasjonal verdi som landskapsområde og turistmål, og at elva er ein sers viktig del av dette. Nye irreversible naturinngrep i form av kraftutbygging kan ikkje sameinast med langsiktig forvaltning i dette dalføret og dei naturkvalitetane som er til stades i området. Også av omsynet til fiskestammene og fritidsfisket i elva og i fjorden utafor vil Fylkesmannen frarå konsesjon for Bondhusdalen kraftverk."

Hordaland fylkeskommune uttaler i brev datert 27.08.2007:

”...

Hordaland fylkeskommune, Seksjon for kulturminnevern og museum, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Ut frå våre arkiv er det ikkje kjende automatisk freda kulturminne som kjem i direkte konflikt med dei omsøkte tiltaka, men det er kjende fornminne i Bondhusdalen. Aktuelt område har tidlegare ikkje vore undersøkt av arkeologar. Det er den seinare tid avdekkja fleire automatisk freda kulturminne i samband med plansaker lengre ned mot Sunndal. Dette er busetnadspor frå jernalder. I tillegg er det kjende gravminne på Kolltveit i Bondhusdalen, som kan tyde på at det kan liggja ein audegard i dette området.

Hordaland fylkeskommune, Seksjon for kulturminnevern og museum vurderer området til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei nærare markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminnelova. Det er tiltakshavar som må bera kostnadane med ei slik undersøking, jf. §§ 9 og 10 i Kulturminnelova.

Det er særleg i områda der røyrgata og anleggsveg går over dyrka mark og kulturbeite at potensialet for nye funn er størst. På dyrka mark vil det vera naudsynt å bruke gravemaskin (flateavdekking) i registreringa. Ein kan også venta å gjera funn av automatisk freda kulturminne i utmarksområda. I desse områda vert det registrert etter synlege kulturminne. Registreringar i utmarka har dei seinare åra avdekkja ei rekkje nye kulturminne knytt til utmarksressursane, som til dømes kulturminne knytt til gardsdrifta, jakt, fangst, jarnframstilling og steinbrot.

Vi ber om at ein avventar konsesjonshandsaminga til kulturminneundersøkingane i området er utført. Hordaland fylkeskommune kan ikkje gje endeleg fråsegn til konsesjonssøknaden før undersøkingsplikta er oppfylt, jf. § 9 i Kulturminnelova. Vi bed difor om ein utvida svarfrist etter Kulturminnelova § 9 på inntil 3 + 1 månader. Vi gjer merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.”

Hordaland fylkeskommune gjorde følgende vedtak i fylkesutvalget 13.03.2008:

”...

- 1. Bondhusdalen har viktige regionale og nasjonale kvalitetar for friluftsliv, reiseliv, fiske og landskap. Fylkesutvalet rår likevel til at det vert gjeve konsesjon til bygging av Bondhus kraftverk under føresetnad av at minstevassføringa vert monaleg høgare enn den omsøkte på 290 l/s (normal lågvassføring). Minstevassføringa bør fylgje 5 persentilen (1100 l/s) i sommarmånadane av omsyn til landskapsoppleving og friluftsliv.*
- 2. Det er utført ei kulturhistorisk registrering i utbyggingsområda. Den omsøkte røyrgatetraseen er i konflikt med automatisk freda kulturminne og kulturlandskapsverdiar. Dersom det vert gjeve konsesjon til tiltaket må traseen justerast utanom dei 3 registrerte objekta eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde for søknad om frigjeving.”*

Fra fylkesrådmannens saksutredning gjengir vi følgende:

”...

Det er fylkesdelplan for energi 2001-2012 som er rettesnor for handsaming av slike saker i Hordaland.

Aktuelle mål frå fylkesdelplan for energi:

- 3 *Ny produksjon og bruk av energi i Hordaland må ta omsyn til miljø og arealkonfliktar*
- 7 *Tilgangen på energiresurser skal gje verdiskaping i fylket og danne grunnlag for næring*

Aktuelle retningslinjer frå fylkesdelplan for energi

- A1 *Hordaland skal satsa på utnytting av miljøvennlige og fornybare energikilder, utan store konsekvensar for verdifulle natur-, friluftsliv- og kulturlandskap og større samanhengande inngrepsfrie naturområde.*
- A2 *Nye anlegg for produksjon og overføring av energi må ikkje lokaliserast i område som er verna etter naturvernlova, kulturminnelova, i nasjonalpark eller i verna vassdrag. Ein bør vere varsam med plassering av nye anlegg tett opp til verna område.*
- A3 *Nye anlegg for produksjon og overføring av energi bør lokaliserast slik at dei ikkje kjem i vesentleg konflikt med viktige natur- og kulturlandskap, kulturmiljø, større inngrepsfrie område, strandsona og viktige område for friluftsliv. Det vert her vist til eigne fylkesdelplanar for kulturminne, friluftsliv og kystsona.*
- A4 *Samlokalisering med tekniske inngrep og etablert arealbruk er ønskeleg for å samle inngrep, og det er ønskeleg at etablering av nye energianlegg skjer nær eksisterande infrastruktur.*
- A5 *Undersøkingsplikta etter kulturminnelova bør oppfyllest i samband med konsekvensutgreiing, og før iverksetting av tiltak i marka.*
- A6 *I samband med konsekvensutgreiing bør:*
 - *Større inngrep visualiserast*
 - *Kartunderlag synleggjere område som er omfatta av vern, område med nasjonal og regional verdi og tiltaket sine konsekvensar for "inngrepsfrie område".*
- A12 *Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor etablering av tippar i terrenget.*

Mål 3 og retningsline A1 syner at det ikkje er noko prinsipielt standpunkt mot ny vasskraftutbygging i Hordaland, men at tiltaka må ta omsyn til miljø og arealkonfliktar. Retningsline A2 og A3 er nærare spesifisering kring dette.

Tiltaket kan kome i strid med retningsline A2 om inntaket vert liggjande innafor Bondhusdalen landskapsvernområde. Retningslina peiker på at ein bør vise varsemd med plassering av nye anlegg tett opp til verna område. I samband med verneprosessen vart heile det aktuelle utbyggingsområdet ned til brua i Bondhusdalen vurdert å ha vernekvalitetar og fremja som landskapsvernområde, men etter lokal høyring vart grensa trekt høgare opp av omsyn til landbruket. Området har framleis dei same vernekvalitetane, og nye inngrep med redusert vassføring vil verke negativt på opplevingsverdien av Bondhusdalen.

Retningsline A3 omtalar viktige regionale interesseområde. I denne saka er det særleg Bondhusdalen som landskapsvernområde og friluftslivsinteressene med turområdet opp mot Bondhusdalen og vidare opp til Folgefonna som ein må ta omsyn til. Ut frå dei lokale tilhøva i elva meiner utbyggjar at eit inntak på kote 120 vil vere betre enn ei flytting til kote 80. I vurderinga må ein både sjå på dei tekniske inngrepa og det manglande vatnet i elva som følgje

av ei eventuell utbygging. Utbyggjar legg opp til slepp av ålmenn minstevassføring i elva. I følgje Fylkesmannen er Bondhuselva ein regionalt viktig elv for sportsfiskarar, og den skisserte minstevassføringa vert ikkje vurdert å vere nok for å oppretthalde tilhøve for fisken i elva.

Tiltaket ligg nær kraftnett, men dette vil ha trong for opprusting som følgje av fleire planar om småkraftproduksjon i området. Tiltaket ligg og nær veg, og stettar slik retningsline A4 som peikar på samlokalisering av tekniske inngrep.

Når det gjeld A5 kulturminne er undersøkingsplikta, jf. Kulturminnelova § 9, oppfylt i samband med konsesjonshandsaminga. Dette har gjeve eit betre grunnlag for å vurdere utbygginga i høve til kulturminneverdiar i området.

Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing for tiltaket, og retningsline A6 vert slik ikkje aktuell.

Tiltaket inneber ikkje tunnelbygging, og retningsline A12 vert slik ikkje aktuell.

Vurdering

Utbygginga er i konflikt med verneinteresser og viktige friluftsjnteresser. Elva har alt lågare vassføring enn naturtilstanden som følgje av dei overføringane som vart gjort til Mauranger på 1970-åra. For vassdrag med store sesongvariasjonar som i bre og høgffjellsvassdrag peikar NVE på at ålmenn lågvassføring i ei elv kan vere svært misvisande karakteristikk av lågvassføring for sommarhalvåret.

På bakgrunn av dei verdiane som er knytt til Bondhusdalen landskapsvernområde, Bondhuselva som fiskeelv, bruken av området både til kortare rekreasjonsturar til Bondhusvatnet og som viktig innfallsport til Folgefonna og nasjonalparken vil eg rå frå at ytterlegare vatn vert fråført Bondhuselva gjennom bygging av Bondhus kraftverk. I området er det frå før kjende kulturminne og viktige kulturlandskapsverdiar. Den kulturhistoriske registreringa avdekkar tre "nye" lokalitetar med fornminne som syner at det har vore aktivitet knytt til gardsbusetnad i førhistorisk tid på staden. Funna tyder på at busetnaden har strekke seg lenger opp i dalen i førhistorisk tid. Utbygginga er i direkte konflikt med dei nyregistrerte kulturminna. På grunnlag av ei samla kulturminnefagleg vurdering er det ikkje tilrådeleg med ei utbygging som omsøkt. Om det likevel vert gjeve konsesjon til tiltaket må utbygginga justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde. Minstevassføringa må vere monarleg både av omsyn til fisk i elva og landskapsopplevinga."

Statens vegvesen uttaler i brev av 17.09.2007:

"...

Statens vegvesen har ikkje merknader til søknaden då ein ikkje kan sjå at tiltaket på noko vis berører verken riks- eller fylkesveg."

Naturvernforbundet Hordaland, Bergen Turlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland uttaler i brev av 4.10.2007:

"...

Biologisk mangfold

Det foreligger en Biologisk rapport fra Jørgen Frønsdal Rådgivning og konsulentttjeneste og Auen Korbøl Biologisk rådgivning. Rapporten konkluderer med at verddivurderingene samlet sett er Middels. Store deler av influensområdet består av en verdifull naturtype av naturbeitemark som får verdien B til C, dvs. opp til regional verdi. Floraen i området er likevel

bare overflatisk undersøkt og befaringen ble foretatt så sent som 8. november 2006, slik at blomstringen var over. Dette medfører usikkerhet.

Rapporten sier at ved egne undersøkelser ble karplanteflora, sopp, lav- og moseflora undersøkt og at det er en relativt fattig, homogen og sparsomme bestander. Ingen rødlistede arter ble funnet under befaringen. Naturvernforbundet Hordaland (NVH), Bergen Turlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland vil bemerke at et fagkurs på sopp ble avholdt 20.- 23. september 2001 i Rosendal. På 2 feltdager i Kvinnherad kommune ble det gjort totalt 571 funn av sopp fordelt på 263 arter, hvorav 14 er oppført på den nasjonale rødlista for sopp. En tur opp Bondhusdalen resulterte i en liste på 51 arter hvorav 2 er katalogisert som rødlistede arter; Skjellsprøsopp og skarp orekremle. Begge definert som sjeldne (R). Fagkurset hadde dessverre ingen undersøkelser på karplanter, lav- og moseflora.

Fossefall, vintererle og hegre ble ikke observert under befaringen som ble avholdt så sent som 8. november 2006. Til det er det å si at vintererla, på tross av navnet, trekker ut av landet om høsten til Sør-Europa og Nord-Afrika og kommer tilbake om våren i mars og april. På Jærstrendene og Lista kan man finne sparsomt overvintrende individer. Rapporten opplyser at fossefallet ikke er registrert i området, men vi har ved selvsyn oppservert den i sommerhalvåret. Fossefall er en art hvor mange individer trekker ut av landet til Sør-Sverige, Danmark og Tyskland. Hegren er standfugl, selv om mange, særlig ungfugler, forlater landet om høsten til fordel for et mildere klima i Storbritannia.

Fisk og fiske

Søknaden sier elven har bestand av regnbueørret, en ikke selvproduserende bestand av laks og en redusert bestand av voksen sjørørret. Fylkesmannen i Hordaland sin MVA-rapport 8/2005 Fiskeundersøkelser i regulerte innsjøer og vassdrag i Hordaland 2004, hvor de er usikre på om det finnes en egen laksestamme. Vurderingen var at gytebestanden både av laks og sjørørret var små og sårbare. Søknaden sier at sjørørret og laks bare går et par hundre meter opp i elva mens Fylkesmannen opererer med en anadrom strekning på 2,5km. Norges Jeger- og Fiskerforbund finner det sannsynlig at fisken kan gå opp i elven ved gunstige forhold. De gunstige forholdene vil trues om vannføringen i vassdraget reduseres.

Tidligere ble det sluppet smolt i vassdraget og fisket var såpass bra at turistbedriftene reklamerte med at Bondhuselva var en av Vestlandets beste lakseelver.

Forvaltningsmyndighetene har innført endringer i krav til kultiveringspraksis ved utsetting av anadrome laksefisk i ferskvann. Hensikten er å bevare den genetiske variasjonen i fiskestammene og hindre uønsket spredning av arter, sykdommer og parasitter. På denne bakgrunn er utsetting av fisk midlertidig stoppet. Tidligere fangster viser at gjenfangst i elva er meget stort og at elva er en meget god lakse- og sjørørretelv.

Landskap

Bondhusdalen har store kvaliteter og interesser knyttet til landskap, friluftsliv, opplevelser, kulturhistorie og kvartærgeologi. I forbindelse med opprettelsen av Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområdene skriver miljøvernminister Knut Arild Hareide ved Kongelig resolusjon av 29. april 2005 at bl.a. "Bondhusdalen er eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen av naturen frå dalføra opp til fjella. Fjell, skog og vassdrag er viktige element i landskapet sin art og karakter." Vår utheving for å understreke at helheten og variasjonen teller og at vassdraget er en viktig del av karakteren i dalen.

Universitet i Bergen har utgitt rapporten *Folgefonna nasjonalpark Oppfølgjande utgreiingar 2000 Kwartærgeologi* hvor det står at "Bondhusdalen / Fynderdalen er ein av dei mest besøkte dalane kring Folgefonna. Samstundes har den nokre av dei mektigaste kvartærgeologiske formene på heile Folgefonnhalvøya." Det foretas en verddivurdering av de forskjellige dalførene rundt Folgefonna etter 4 parametre. Etter rapportens syn er den mest objektive måten å rangere dalene på, en sammenstilling av alle de ulike parametrene. Der kommer Bondhusdalen/Fynderdalen opp på førsteplass.

I evalueringen av opplevelseskvalitet i utvalgte dalfører på Folgefonnhalvøya i NIJOS-rapport 7/2000 (Anne Elgersma) står det at "På fleire måtar kan Bondhusdalen seiast å vera mangfaldig, då her er relativt stort mangfald av heilt ulike terrengformer og teksturar." Rapporten er svært skeptisk til inngrepet i vassdraget ved bortfall av om lag 50 % av vannet i elva etter at de tre elvene Tverrelva, Brufosselva og Breelva ble overført til Austrepollen i 1970 årene. Evalueringen ender derfor "bare" på B1 (Regionalt svært verdifullt). Det er i dag andre miljøkrav enn for 30 år siden og det er tilgang på så pass god informasjon at man må unngå lignende uheldige inngrep videre.

Bondhusdalen representerer en helhet i fra fjord til fjell som har store verdier, er lett tilgjengelig og er meget godt besøkt. Dalen oppviser også samspillet mellom natur- og kulturhistorie. Blir søkte prosjekt iverksatt, reduseres vannføringen til minimumsnivå. Alminnelig lavvannføring (som innføres som minstevannføring) er ikke egnet til å ta vare på landskapet og områdets naturverdier.

Friluftsliv

Bondhusdalen er, etter Baroniet i Rosendal, det mest besøkte og populære området i Kvinnherad kommune. Dalen er et rekreasjonsmål i seg selv og er i tillegg oppmarsjområde til Folgefonna nasjonalpark og kanskje den letteste innfallsporten til hele nasjonalparken. Det er en klassisk tur som turister har gått i mer enn 100 år. Veien nede fra fjorden opp til Bondhusvatnet kalles Isvegen, etter den tid man hentet is på Folgefonna (Bondhusbreen) for eksport til England. Rideveien opp lia heter Keiserstien eller Gardshammarveien. Mange sier Turistveien eller Rideveien. Målet kan være Bondhusbreen eller hyttene til Bergen Turlag (Breidablikk og Fonnabu) som ligger ved kanten av selve Folgefonna. Fonnabu har omtrent 1000 registrert besøkende årlig. Noen går selv over breen til Holmaskjær og ned Tokheimslia til Odda, mens andre vandrer Fonna på langs. Sommerstid er det daglig breføring over fonna.

H.M. Dronning Sonja stod for den offisielle åpningen av Folgefonna Nasjonalpark i Bondhusdalen lørdag 14. mai 2005 med miljøvernminister Knut Arild Hareide og kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland samt publikum til stede. Det var ingen tilfældighet at det var Bondhusdalen som ble valgt innenfor de 5 kommunene som omslutter nasjonalparken. Deltakerne gikk til fots fra Sundal til Bondhusvatnet for å få med seg alle de kvalitetene som har gjort dalen til det trekkplasteret den er.

Bondhuselva brukes i dag også noe til elvepadling.

Folgefonna nasjonalpark

Nedbørsfeltet til Bondhuselva ligger innenfor Folgefonna nasjonalpark og Bondhusdalen landskapsvernområde. Inntaket på kote 120 ligger trolig noen meter innenfor landskapsvernområdet. Søknaden mener at selv om grensen ligger innenfor verneområdet åpner vernereglene for å åpne energi- og kraftanlegg, jf. § 3, pkt 1.3.j Oppgradering/fornyning av energi- og kraftanlegg som ikke faller inn under § 3 punkt 1.2.b. Vi kan ikke se at noen av de tiltakene som tidligere er utført har sammenheng med denne søknadens inngrep og at prosjektet

må betraktes som et nytt inngrep som vesentlig endrer landskapet sin art og karakter. Vi kan derfor ikke se at det er hjemmel til å godkjenne tiltaket i landskapsvernområdet.

Under verneplanarbeidet ønsket grunneierne vernegrensen lenger inn enn arbeidsgrensen. Dette ble etterkommet. Men begrunnelsen for ønsket og etterkommelsen var at Bondhusdalen var viktig for landbruket og at vanlig landbruksdrift ville forhindre at landskapet grodde igjen, ikke at det skulle åpnes for kraftutbygging.

Vi finner det svært uheldig med inngrep i den viktigste innfallsporten til Folgefonna nasjonalpark fra vest.

Fjordlandskap

Området tilhører det vestnorske fjordlandskapet som er særegent både i nasjonal og internasjonal sammenheng. Norge har et spesielt ansvar for å forvalte dette uten at de kvalitetene som gjør landskapet anerkjent går tapt. I følge NIJOS sitt "Referansesystem for landskap", tilhører bygdene i Kvinnherad underregion 22.20 som har en samlet vurdering på A1.

Sumvirkninger

Antall tillatte vannkraftprosjekter i Hardangerfjorden har nådd et slikt antall at det truer regionens egenart. Spesielt fra omsøkte prosjekt og nordover til spissen av Folgefonnhalvøya er det kommet mange søknader og gitt mange konsesjoner. Det finnes knapt en uberørt elv/bekk igjen på denne strekningen. Dette er en alvorlig situasjon som må mane til ettertanke. Naturvernforbundet Hordaland (NVH), Bergen Turlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland tillater seg å sitere Kvinnherad kommune sin egen beskrivelse av det nevnte området: "Langs Maurangerfjorden, lengst nord i Kvinnherad, ligg bygdene Sundal, Austrepollen, Nordrepollen og Gjetingsdalen, med samlenavnet Mauranger. Mellom stupbratte fjell ligg frodige dalar, mektige brearmar, blenkjande fjellvatn og fossande elvar, overvaka av den evige isen, Folgefonna. Området byr på den mest dramatiske og vekslende naturen ein kan tenkja seg, og gjev naturopplevingar av sjeldnaste sort.". Naturvernforbundet Hordaland (NVH), Bergen Turlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland sin kommentar er at der er ingen fossende elver igjen. På de omtalte stedene er samtlige elver bygd ut i fra tidligere og i den senere tid. Nå søkes det også om restvannføring i Bondhuselva i Sundal.

Reiseliv

Regionen er en turistmagnet og Sundal med Bondhusdalen er et av turistmålene. Bergensfirmaet Norconsult Plan har på oppdrag for Kvinnherad kommune utarbeidet en stedsanalyse for Sundal. Rapporten fremhever Suldal som et eksklusivt reisemål og at alle som søker norsk naturoppleving finner alt de måtte ønske seg i området.

Sundal / Bondhus har vært et av kjerneområdene for turismen i Norge. Allerede fra 1833 ble det organisert turisttrafikk fra Sundal til Odda. Turistene gikk til fots men ble i en periode fraktet over breen med hest og slede. For hundre år siden var det stor trafikk av cruisebåter i fjorden. Kommunen sier på sine nettsider om Mauranger at også nå er turisme en viktig levevei for bygdene med de rundt 200 innbyggerne. Rosendal Turistervice oppgir at de hvert år fra 2000 til 2006 har guidet mellom 2500 til 3000 turister opp dalen til Bondhusvatnet i perioden januar til desember. I tillegg kommer alle de som ikke organiserer seg i grupper. Vi vil tro de er i flertall. Om det ikke i bygda er vilje eller interesse for reiseliv er området så viktig for regionen at det blir fremhevet i regional markedsføring.

Nordisk ministerråd ga i 2006 ut en brosjyre som ønsker velkommen til 20 nordiske naturområder og som viser et utvalg av Nordens fremste områder for naturturisme. 4 områder fra hvert land. Hensikten med brosjyren er å vise verneområdenes natur- og kulturverdier og framheve deres egenhet for naturturisme og friluftsliv. Fra Norge er det Folgefonna - fra fjord til fonn, som blir først nevnt. Fonnabu, Breidablikk, Holmaskjær, Keiserstien og Bondhusdalen er spesielt nevnt. Naturen er den viktigste årsaken til at turister kommer til Norden konkluderer Nordisk ministerråd med.

Bondhusdalen har stor betydning for reiselivet og er et av de mest benyttede områdene for Folgefonnabreførerlag.

Samfunnsnytte

Kraftanlegget vil gi minimale skatteinntekter til kommune og fylke. Energiproduksjonen til kraftverket er uten betydning for den lokale, regionale og nasjonale kraftoppdekningen. At lokale grunneiere får inntekt av prosjektet er positivt. Men at det skal være utslagsgivende for fast bosetting i bygda stiller vi oss tvilsomme til. Da er det i tilfelle norsk landbrukspolitikk som må angripes. Det er ikke alle bygdefolk som har et kraftverk å bygge ut.

Lokalt og regionalt reiseliv er avhengig av intakte naturområder og spesielt av slike profilerte, kjente og verdifulle områder som Bondhusdalen.

Konklusjon

Ut i fra dette brevets merknader konkluderer Naturvernforbundet Hordaland (NVH), Bergen Turlag og Norges Jeger og Fiskeforbund Hordaland med at søknaden om konsesjon for bygging av Bondhus kraftverk etter § 8 må avvises, da skader og ulemper ved tiltaket for allmenne interesser etter vannressurslovens § 25 overstiger fordelene ved tiltaket. Minstevannføring kan ikke på noen måte oppveie de negative konsekvensene som her er framført."

Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland uttaler i brev mottatt av NVE 25.09.2007:

"...

Norsk Ornitologisk Forening (NOF) avd. Hordaland har behandlet søknaden og har følgende merknader:

I vedlagte søknad er det vedlagt rapport nr. 2/2007-Virkninger på biologisk mangfold som Vedlegg 2 Pkt 3.1 Datagrunnlag. Her viser en til at vurdering av status for biologisk mangfold i området er gjort ved befaring 8 november 2006. I pkt 5.3 fremkommer det sitat: "fossekall og vintererle og hegre ble ikke observert under befaringen". Fra NOF-Hordalands side vil vi påpeke at dette er et altfor dårlig grunnlag for å påvise disse artenes tilstedeværelse i området. Det henvises også i søknaden til grunneiere i området som heller ikke har påvist disse artene.

Det understrekes at en befaring i november har bortimot ingen mulighet til å påvise disse artene. Skal man prøve å få etablert fakta er det behov for å foreta slike undersøkelser i hekketiden. I november vil vintererle ha forlatt hekkeområde og også fossekall trekker ut av hekkeområde om vinteren selv om arten kan påvises så lenge det er vannføring i elva. Det er grunn til å understreke at begge disse artene kan være vanskelig å påvise da de gjør mindre av seg enn andre fugler. De flyr ofte relativt lavt langs elva og er også vanskelig å høre grunnet elvesus. Hvorvidt det er gråhegre i området har minimal betydning i denne sammenheng. Arten bruker slike elvestrekninger kun sporadisk.

NOF-Hordaland tilrår at det blir foretatt ny befaring i hekketiden for om mulig å påvise om disse artene hekker i området. Skulle disse noen av disse artene bli påvist som hekkfugler i

område vil NOF-Hordaland tilrå at det stilles krav om minstevannføring i elven. Dersom artene ikke blir påvist ved ny befarings vil NOF-Hordaland ikke ha ytterligere innsigelser mot planene."

Kvinnherad Energi uttaler i brev av 7.09.2007:

"...

Det planlagte kraftverket som er på 3,9 MW vert bygt i eit område der Kvinnherad Energi (KE) har svært lite forbruk og der det i dag alt er fleire småkraftverk i drift og fleire under bygging som har fått konsesjon og kraftverk som ikkje er konsesjonspliktige.

Bondhus kraftverk må mata produksjonen inn på hovedlinja mellom Austrepollen i Mauranger og Rosendal. Dette området er av Statnett definert som eit overskuddsområde der KE får betalt for uttak frå sentralnettet i Mauranger og motsatt må betala for innmating. Heile produksjonen frå det nye kraftverket vert å mata inn på sentralnettet i Mauranger.

KE har utført nettanalyser som viser at det på eksisterande nett ikkje har kapasitet for meir kraftproduksjon. Dette gjeld 22 kV linja frå Sundal og inn til Austrepollen med tilhøyrande innmatingskablar.

I tillegg må treviklingstransformatoren og regulertransformatoren i Mauranger bytast. Treviklingstransformatoren har spenning 300/66/22 kV der 300 kV viklingen er på 80 MVA, 66 kV viklingen er på 70 MVA og 22 kV viklingen er på 15 MVA. Viklingen på regulertransformatoren er på 15 MVA.

KE kan difor ikkje tillata fleire nettilknytningar av småkraftverk før det er avklart korleis ein skal fordela kostnader for utskifting av trafo i Mauranger (Statnett) og andre nettforsterkningar."

Sjøtroll Havbruk uttaler i brev av 10.09.2007:

"Det omsøkte kraftverket i Bondhusdalen vil ikkje ha nokon negative effektar på Sjøtroll sitt smoltanlegg i Sundal. Men det er då ein føresetnad at vassmengda inn i settefiskannlegget sitt inntak ikkje vert redusert i høve til dagens inntak av vatn.

Det er difor avgjerande at:

- 1. Avløpet frå kraftverket vert ført ut i elva på ein slik måte at vatnet kjem inn i den delen av elva som fører inn i inntaksdammen til settefiskannlegget.*
- 2. Det må monterast ein "bypass-ventil" nederst på røyrsgata slik at tilstrekkeleg med vatn vert ført ut i elva straks kraftverket vert stoppa.*

Det er elles å sei at bygdene i Mauranger slit med fallande folketal, og det er problem både med rekruttering til næringslivet og det å halda oppe vesentlege samfunns-institusjonar.

Det omsøkte kraftverket vil ha ein svært positiv effekt på inntekter, og vil dermed vera med på å oppretthalda dei små gardsbruka i Bondhusdalen."

Bondhus Grunneigerlag uttaler i brev mottatt av NVE 15.02.2008:

"For grunneigarane i Bondhusdalen er dette eit svært viktig økonomisk prosjekt.

Alle dei seks grunneigarane bur i bygda, og inntektene frå kraftverket vil vera ein viktig stimulans for å bli buande og å halda fram med jordbruksdrifta i Bondhusdalen. Dette er svært viktig for ei bygd som slit med nedgang i folketal og arbeidsplassar. Auka næringsaktivitet vil styrkja grunnlaget for servicenæringer, butikk og skule.

Dei to grunneigarane i bygda som driv innan turisme, Bjørn Olav Bondhus og Bård L Bondhus, går også sterkt inn for det omsøkte kraftverket. Det vil gje tillegsinntekter til gardsbruka og turistnæringa. Tilleggsnæringar er i dag ein føresetnad for å driva eit aktivt jord- og beitebruk i bygdene, og for turistnæringa er eit ope kulturlandskap ein viktig rekreasjonsverdi.

Kraftverket vil også komma heile bygda til gode ved at ein får nytt inntak til det eksisterande vassverket. Mange av bustadane har i dag for lavt trykk, og ei tilkopling til den planlagde røyrgata vil gje rikeleg med vatn til heile bygda.”

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 13.05.2008 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

” ...

1. Kvinnherad kommune datert 16.8.2007

Kvinnherad kommune tilrår konsesjon på fylgjande vilkår:

- 1. Anleggsarbeidet må utførast på ein skånsam måte slik at naturinngrepa vert minst mogleg. Det gjeld også masseuttak og -deponi og midlertidige anleggsvegar.*
- 2. Det må vurderast nærare å føra straumen i jordkabel frå kraftstasjonen og fram til eksisterande kraftline.*

Kommentar frå utbyggjar:

- 1. Utbygginga er avgrensa til austsida av Bondhuselva og går derfor gjennom område nytta til delvis beite og slåttemark ovanfor parkeringsplassen for turistvegen til Bondhusdalen. Nedanfor parkeringsplassen vil røyrgata gå på dyrka mark. Eventuelt overskottsmassar vil verta nytta til fylling langs røyrgata og spesielt på strekninga frå parkeringsplassen og opp til dyrkingsfeltet på austsida av elva. Mellombels anleggsveg vert tilsådd etter anleggsslutt.*
- 2. I konsesjonssøknaden på side 21 er det gjort greie for tilkopling til eksisterande 22 kV-line. Dersom lina skal leggjast i kabel må det skje med ei grøft langs elva fram til ein stolpe før ein går vidare på eksisterande 22 kV-line frå Vetleholmen. Det er mogeleg utan stor risiko for utrasing å føra jordkabel over elva heilt fram til påkoplingspunktet på Vetleholmen.*

2. Fylkesmannen i Hordaland (FYM) datert 19.10.2007

FYM har relativt mange kritiske merknader til utbygginga. Me vil kommentere desse i den rekkefylgja dei kjem i høyringsuttalen. FYM rår ifrå konsesjon grunna samla konsekvens for landskap, friluftsliv og opplevingsverdi.

Prosjektet:

FYM peikar på at det er lagt fram ei skisse til alternativ 2 - utbygging med inntak på kote 80. FYM seier at alternativ 2 vil føre til store synlege inngrep i elva og landskapet, og finn ikkje å vurdere dette alternativet.

Kommentar frå utbyggjar:

Dette er feil - i søknaden er alternativ 2 med inntak på kote 80 lagt fram som søkjaren sitt reelle alternativ til utbygging etter alternativ 1 - med inntak på kote 120. At alternativ 2 er eit dårlegare alternativ enn alternativ 1, er søkjar klår over og under synfaring saman med FYM kom dette klårt fram som eit dårleg alternativ både som prosjekt og for Bondhusdalen generelt.

Likevel ynskjer utbyggjar at alternativ 2 skal vurderast, dersom alternativ 1 ikkje let seg gjennomføra. Bondhuselva har eit stort samfunnsmessigt føretrinn framfor andre elvar, ved at elva har ein avrenningskurve som er gunstigare enn andre elvar p.g.a. bre-tilsig.

Utbyggjar er villig til å diskutera auka minstevassføring i forhold til det som det er søkt om – og føreslår å leggja opp til ein minstevassføring i turistsesongen mellom 1. juni og 1. september som er høgare enn alminneleg lågvassføring. Ein minstevassføring i denne storleiken vil først og fremst vera positivt for naturopplevinga, men vil redusera produksjonsgrunnlaget. Utbyggjar kjem tilbake til dette i konklusjonen til slutt.

Reiseliv/ turisme, friluftsliv/ opplevingsverdi og landskap:

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar er klår over at Bondhusdalen er eit viktig område for rekreasjon og friluftsliv. Men det er berre den nedste delen av Bondhusdalen som vert råka av utbygginga, denne delen er i dag råka av beitemark, dyrka mark og andre tekniske inngrep som store høgspente liner. Når det gjeld natur er Bondhusdalen viktig, men når det gjeld tilkomst til Folgefonna, fins det fleire alternativ som er mykje nytta og som gjev like lett tilkomst til nasjonalparken som Bondhusdalen. Tilkomstmønsteret har endra seg, turistane har dårlegare tid og ynskjer å køyra lengst mogeleg fram til breen, noko dei kan gjera heilt fram til breen i Jondal. Det er i området på Folgefonna i Jondal at det er flest turistar som nyttar tilbodet om bre-vandring og andre opplevingar knytt til fonna, når ein ser bort frå dei guida turane opp Bondhusdalen til Fonnabu og over Folgefonna til Odda.

Alternativ 1 med inntak i ein naturleg terskel i elva og dei tekniske innretningane skjult i terrenget for innsyn frå vegen til Bondhusvatnet, er av ein slik art at tiltaket ikkje vil verka inn på landskapet når det er ferdig utbygd. Traseen frå inntak til stasjon ligg på nordsida av elva i eit landbruksområde som i dag vert nytta til beite, og som er lite nytta som turområde.

Likeins er det ikkje lett å forstå FYM, som peika på at Folgefonn-utbygginga på 70-åra som tok mesteparten av vatnet frå Bondhuselva, ikkje er synleg for turistane, og at elva har eit naturleg preg i dag. Ved å nytta same argumentasjon kan ein seia at den omsøkte utbygging om 30 år heller ikkje vera synleg for den tidas turistar og at elva vil ha eit særpreg då og. Påstanden om at elva utgjer viktigaste elementet i landskapet langs vegen opp til Bondhusvatnet er dryg. I tida før snøsmelting set inn for fullt, er elva mest ikkje synleg på ein stor del av strekninga frå vatnet og nedover. Det er ikkje rett å trekkje ut elva aleine som element, det er heilskapen i dalen som er grunnlag opplevingsverdien i Bondhusdalen.

Det fyrste kraftverket som vart bygd i Kvinnherad kommune var i Bondhuselva, bygd i 1912, kraftanlegget er fjerna i dag.

Landskapsvernområdet og nasjonalparken:

Kommentar frå utbyggjar:

Kulturlandskapet og sandavsetningane er bakgrunnen for landskapsvernområdet, desse vil ikkje verta påverka av tiltaket i elva dersom alternativ 1 vert valt. Grensa til landskapsvernområdet for Folgefonna Nasjonalpark ligg i området for inntaket og som ein forholdsvis tjukk strek på kartet, men er ikkje sett ut i marka. Sjå KU for Folgefonna Nasjonalpark. Under synfaring med FYM vart det opplyst at endeleg grense ikkje var trekt og den kunne leggjast rett ved sida av inntaket. Det er ikkje utarbeid Forvaltningsplan for landskapsvernområdet endå, det er sagt at denne skal vera på plass i løpet av 2008, og det er forventa at grensene vert fastlagde sommaren 2008. Dersom det viser seg at inntaket ligg innanfor grensa for

landscapsvernområdet, vil tiltakshavar søkje om dispensasjon for inntaket, då det er dette området som ligg best til rette for å laga inntak som ikkje vil føre til større inngrep i elva. Dette kjem av at det vert nytta ein naturleg terskel i elva til å leia elva til inntaket. Uttrykket "Innfallsporten til nasjonalparken" vert opplevd brukt for å "utvida" grensene til nasjonalparken. Utbyggjar meiner at poenget med eit landskapsvernområde er å beskytta verneformålet, dvs nasjonalparken. Ein kan ikkje då komme med ei "ny" vernesone utanfor den igjen. Det som ligg utanfor landskapsvernområdet, er disponert i medhald til arealplanen til kommunen, og vert forvalta av kommunen. Kommunen er positive til tiltaket og vektlegg dei samfunnsmessige verknadane av tiltaket.

Lokal næringsutvikling:

FYM viser til at søknaden ikkje er tilstrekkeleg som grunnlag for å vurdere det lokale utviklingspotensialet i området. Det vert peika på at det vert arbeid med utvikling av ein strategi for naturbasert næringsutvikling, der utgangspunktet er ein berekraftig bruk av verneområde og fjellområde, der grunnlaget for verdiskapinga er kvalitetane i natur og bruk av landskap.

Kommentar frå utbyggjar:

Inntektene frå kraftverket som grunneigarane får, vil vera ein svært viktig del av verdiskapinga som dei fleste i bygda vil ta del i. Dei som driv turisme som tillegg til gardsdrifta kan få ei forsvarleg drift og kunne satsa vidare. Det er to større bedrifter innan turisme i bygda, begge desse er medeigar i kraftverket og ser positivt på utbygginga. Dei meiner at utbygginga dannar eit grunnlag for verdiskaping i bygda med utgangspunkt i elva og naturen. Utbygginga vil og føre til at bygda får eit nytt vassverk med godkjent vatn som det er krav om for turistbedrifter. Utbyggjar kan heller ikkje sjå at det er utbyggjar som skal utgreia potensialet for lokal næringsutvikling.

Fiske:

Det vert peika på at utgreiinga om fisk i søknaden er feil og misvisande. FYM meiner Bondhuselva er ei regionalt viktig sportsfiskeelv, og at mykje av turismen er bygd opp kring fiske etter laks i elva og i fjorden utanfor. Fisket har gått noko attende dei siste åra, men det vert likevel fiska sjøaure, rømd regnbogeaure og noko laks i elva. Dersom kraftverket vert utbygd med minstevassføring som omsøkt, vil det ikkje vera mogeleg å driva fiske i elva, og elva vil i periodar verta turrlagd. Det vert peika på at utan automatisk forbisleppingsventil, vil elva også nedstraums stasjonen kunne verta turrlagd med fare for stranding av fisk.

Kommentar frå utbyggjar:

Dei fleste av påstandane er feil. Det er godt dokumenterte data for fiske i Bondhuselva og for gyteforhold i elva. Det er ein feil i rapporten om biologisk mangfald - det er oppservert fisk like nedanfor inntaket, men elva går turr delar av året i dette området. Nedre halvdel av elva er viktig for gyting og fiske. Bondhuselva var ei bra fiskeelv i 1990-åra, p.g.a. at det i om lag 30 år vart sett ut fisk av Statkraft, og at det var rømming av fisk frå oppdrettsanlegget i elva. Det er no slutt på utsetjinga, og fisket har gått dramatisk ned, det er kvart år rapportert til FYM om fiske i elva, så desse data er kjent og godt dokumentert. Sjå tabell 1 som viser fangststatistikken til FYM frå 1993 - 2007 i kg. fanga fisk. I 2007 vart det fanga: 6 laks og 15 sjøaurar - dette er svært lite. Det kan gå år mellom kvar gong det vert observert gytefisk lenger opp enn området for stasjonsplassering, og omtrent all fiske etter laks føregår nedanfor planlagd stasjonsområde. Ved å auke minstevassføringa og alltid ha alminneleg lågvassføring i elva vil det ikkje verta fare for turrlagging nokon stader i elva, då det i dag ikkje skjer ved normal naturleg variasjon i elva.

1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA	L SA
382 241	261 52	477 184	588 194	394 159	352 66	90 32	134 194	134 127	224 170	34 68	16 43	48 74	35 59	39 22

Tabell 1: Fylkesmannen i Hordaland sin fangststatistikk for Bondhuselva 1993-2007. L= Laks, SA= Sjøaure. Tala er i kg. fisk..

Utgreiingsnivå:

FYM peikar på at søknaden ikkje omfattar utgreiing - KU - knytt til dei viktigaste interessene i området. Og peikar spesielt på tilhøve til fisk- og fiskeinteresser, landskap, friluftsliv/naturoppleving og reiseliv/turisme.

Kommentar frå utbyggjar:

Viser til utgreiing ovanfor for dei ulike tilhøva. Søknaden er bygd opp slik retningslinene frå NVE er utforma og utbygginga utløysar ikkje KU.

Utbyggjar sin konklusjon på FYM sin uttale:

Utgreiinga over og dokumentasjonen viser at verken inntak eller røyrgate vil vera særleg synlig frå vegen til Bondhusvatnet. Inntaket er lite synlig frå vegen, då det ligg på nordsida av nokre store steinar som skjermar for innsyn. Dessutan viser den hydrologiske analysen at i sommarhalvåret vil restvassføringa i elva vera 40 % eller meir. Med den auka minstevassføringa som utbyggjar foreslår, vil reduksjonen i vassføring vera så liten at det ikkje vil vera merkbar for fotturister sjølv om ein beveger seg utanfor vegen og går på nordsida av elva. Det er også dokumentert at Bondhusdalen er mykje nytta som innfallsport til Folgefonna Nasjonalpark, men det er like lett eller lettare tilkomst til sjølve breen andre stader i Kvinnherad kommune og i både Odda og Jondal kommunar, begge desse stadane har sannsynlegvis fleire turistar som vitjar sjølve fonna enn Bondhusdalen har. Me kan med dette ikkje sjå at det er konflikt mellom tiltaket og Nasjonalparken.

3. Hordaland Fylkeskommune. Brev datert 27.8.2007 (varsel om trong for utvida høyringsfrist) og brev datert 15.10.2007 (kostnadsoverslag for arkeologisk registrering). Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune - datert 14.03.2008 - Fylkesutvalet.

Hordaland fylkeskommune har i møte den 13. mars 2008 gitt fråsegn til søknaden: Det vert tilrådd bygging av Bondhus kraftverk under føresetnad at minstevassføringa vert monaleg høgare enn omsøkt, og at røyrgata vert flytta slik at dei registrerte kulturminna vert unngått.

Hordaland fylkeskommune har utført arkeologisk registreringar i området, resultatet vart at det vart funne og avdekka tre lokalitetar med automatisk freda kulturminne som ligg i direkte konflikt med utbygginga.

Kommentar frå utbyggjar:

To av dei registrerte lokalitetane er det fullt mogeleg å unngå med utbygginga, ved at ein flyttar røyrgata nokre meter for å ikkje koma i konflikt med dei. Når det gjeld registreringa av eldre dyrkingsflate, vil ein ved å flytta røyrgata mot elva unngå den synlege morenekanten. Det må truleg likevel søkjast til riksantikvaren om løyve til å gå med røyrgata gjennom området, då dyrkingsflata truleg går heilt ned til elva. Når det gjeld kommentar til minstevassføring, viser ein til kommentar i hovudkonklusjonen til slutt.

4. Statens vegvesen datert 17.9.2007

Statens vegvesen har ingen merknader.

Kommentar frå utbyggjar: Ingen kommentar

5. Kvinnherad Energi AS datert 7.9.2007

Kvinnherad Energi AS skriv at det planlagde kraftverket ligg i eit område som har svært lite forbruk og stor produksjon. Produksjonen må matast inn på hovudlina mellom Mauranger og Rosendal, og at denne lina ikkje har kapasitet for meir. Trafoen i Mauranger har heller ikkje meir ledig kapasitet.

Kommentar frå utbyggjar:

Dette er eit problem som går igjen i alle område på Vestlandet, der det er stor produksjon og lite forbruk, og linene ikkje har kapasitet. Utbyggjar har fått tilbakemelding om at Kvinnherad Energi og Jondal Energi samarbeider om ei løysing på kapasitetsproblema ovanfor Statnett, då det er på gang mange småkraftprosjekt både i Jondal og Kvinnherad som vil bli kopla mot den same trafoen i Mauranger.

6. Naturvernforbundet i Hordaland/Bergen turlag datert 4.10.2007

Naturvernforbundet viser til at store delar av influensområdet består av verdifull naturtype av naturbeitemark som har regional verdi, og meiner at den biologiske rapporten berre er overflattisk og at synfaringa vart utført for seint på året og derfor er usikker.

Naturvernforbundet har påpeikt fleire felt dei meiner ut frå biologisk mangfaldsrapport kan ha negative fylgjer for miljøet.

Det vert peika på at det i Bondhusdalen er funne to raudliste registrerte soppartar – Skjellsprøsopp og Skarp Orekremla

Kommentar frå utbyggjar:

Ei kvar kraftutbygging vil medføre bortfall av vatn i elva og dette kan ikkje på generelt basis skildrast som å gå utover verneverdiar. I så fall er det umogleg for Stortinget å gi løyve til å byggja inn til 1 MW i verna vassdrag. Det er av Naturvernforbundet ikkje peika på kvar i dalen det er funne raudliste registrerte soppartar, men det er registret funn i området som ikkje vert rørt av utbygginga og som ligg så langt frå elva at dei ikkje kan vera avhengige av vassføringa i elva.

Utbygginga vil kunne ha ein negativ konsekvens for Fossekall som dei har registrert i vassdraget.

Kommentar frå utbyggjar:

Rapporten beskriv ikkje kva for negative konsekvensar dette kan vere. Me har også diskutert Fossekallen med Arnold Håland i Norsk Natur Informasjon. Han seier at Fossekallen for det fyrste er ein vanlig fugl i norske vassdrag. Den er svært dyktig til å tilpassa seg endringar og er ikkje ein trua fugleart. Fossekallen hekker bak mindre fossefall og stryk i elvane. Den er som nemnt flink til å tilpassa seg, og kan flytte på hekkeperioden alt etter tilgang på vatn. Fossekallen held også til i elvar som har ein langt mindre vassføring og ein betydelig naturlig variasjon i vassføringa. Ved å sjå på restvassføringa, ser me at i normal hekkeperiode er det snøsmelting og stor vassføring i elva. I denne perioden er det tilnærma stabil vassføring i elva og berre ein liten del vil gå i røyr. All endring i vassføring vil medføre at naturen tilpasser seg

slik at det vil kunne bli endringar også i Fossekallen sine vaner, men restvassføringa er meir enn stor nok til at Fossekallen si eventuelle hekking ikkje vil verta skadelidande. Sjå kommentar til Ornitologisk foreining om ny registrering. Rapporten vert ettersendt etter dei 2 synfaringane i april og mai.

Fisk og fiske.

Det vert peika på ein rapport frå Fylkesmannen i Hordaland frå 2005 der FYM er usikker på om det fins eiga laksestamme i Bondhuselva. Og der det vert peika på at fisken går opp om lag 2,5 km i elva.

Kommentar frå utbyggjar:

Sjå kommentar til FYM for fiske.

Landskap.

Naturvernforbundet peikar på at Bondhusdalen har store kvalitetar og interesser knytt til landskap, friluftsliv, opplevingar, kulturhistorie og geologi. Bondhusdalen representerar ein heilskap i frå fjord til fjell som har store verdiar, er lett tilgjengeleg og godt besøkt. Dalen viser og samspelet mellom natur- og kulturhistorie. Det vert sett fram påstand om at dalen vil mista sine verdiar dersom prosjektet vert realisert.

Kommentar frå utbyggjar:

Sjå kommentar til FYM om landskap m.m.

Friluftsliv.

Naturvernforbundet peikar på at Bondhusdalen er, etter Baroniet i Rosendal, det mest besøkte og populære området i Kvinnherad. Det vert sett fram påstand om at dalen er eit rekreasjonsmål i seg sjølv og eit oppmarsjområde til Folgefonna nasjonalpark og kanskje den lettaste innfallsporten til heile nasjonalparken. Turistar har brukt dalen i meir enn 100 år. Det vert og sett fram påstand om at elva vert nytta noko til elvepadling.

Kommentar frå utbyggjar:

Sjå kommentar til FYM om friluftsliv m.m. Når det gjeld elvepadling, så var dette eit eingongs forsøk, og kan ikkje brukast som argument mot utbygging.

Folgefonna nasjonalpark.

Nedbørsfeltet til Bondhuselva ligg innanfor Folgefonna nasjonalpark og Bondhusdalen landskapsvernområde. Inntaket på kote 120 ligg og truleg innanfor grensa til landskapsvernområdet. Grunneigarane sette fram ynskje om at grensa for landskapsvernområdet vart flytta innover i dalen ut frå behov for rydding og bruk av beiter.

Kommentar frå utbyggjar:

Sjå kommentar til FYM om landskapsvernområde og nasjonalpark.

Fjordlandskap.

Det vert peika på at området tilhøyrrer det vestnorske fjordlandskapet som er særeige både i nasjonal og internasjonal samanheng.

Kommentar frå utbyggjar:

Ikkje relevant for søknaden, då anlegget ligg slik til at det ikkje er synleg frå fjorden.

Reiseliv.

Regionen er ein turistmagnet og Sundal med Bondhusdalen er eit av turistmåla. Det har vore turisme i området sidan tidleg på 1800-tallet. Turistane gjekk over fonna til Odda, og det vart også nytta hest og slede over fonna. Det vert i dag og guida mellom 2500 og 3000 turistar opp Bondhusdalen kvart år. Området har stor betyding for reiselivet og for Folgefonn breførarlag.

Kommentar frå utbyggjar:

Sjå kommentar til FYM om reiseliv.

Samfunnsnyttan.

Naturvernforbundet meiner at prosjektet gjer minimale skatteinntekter til kommune og fylke. Prosjektet vil ikkje ha betyding for den lokale, regionale eller nasjonale kraftoppdekninga. Forbundet stiller seg tvilande til at prosjektet vil vera utslagsgjevande for busetnaden i området, og at området er meir verdifullt for reiselivet som urørt område.

Kommentar frå utbyggjar:

Sjå kommentar til FYM om turisme og næringsutvikling.

Sumvirkningar.

Naturvernforbundet påstår at det er så mange vasskraftprosjekt i Hardangerfjorden at det truar regionens eigenart. Det er søkt om og gitt mange konsesjonar frå Maurangerfjorden og inn til Utne. Det vert sett fram påstand om at det knapt er ein urørt elv/bekk igjen på denne strekninga.

Kommentar frå utbyggjar:

Dette er ikkje av relevans for Bondhuselva.

7. Norsk Ornitologisk Foreining datert 19.9.2007.

Norsk Ornitologisk Foreining avd. Hordaland stiller spørsmål om tidspunkt for synfaring i høve observasjon av fossefall, hegre og vintererle. Dei meiner at november er for seint på året til eventuelt å kunne påvise desse artane, det må gjerast i hekketida

Kommentar frå utbyggjar:

NOF avd. Hordaland tilrår ein ny synfaring i hekketida. Det vil verta halde ein ny registrering av evt. Fossefall mfl. i april og mai. Rapporten vert ettersendt.

8. Sjøtroll Havbruk AS datert 10.9.2007.

Sjøtroll har ikkje merknad til bygging av kraftverk i Bondhuselva, og ser ikkje at tiltaket har negative effektar på smoltanlegget under føresetnad at minstevassføringa ikkje vert mindre enn dagens lågvassføring.

Kommentar frå utbyggjar:

Ved å auke minstevassføringa og alltid ha alminneleg lågvassføring i elva vil det ikkje verta fare for turrlegging nokon stader i elva då det i dag ikkje skjer ved normal naturleg variasjon i elva i dag.

Oppsummering av Høyringsuttalane

I hovudsak er det desse argumenta som kjem fram:

1) Generell motstand mot kraftutbygging i alle vassdrag.

Me har søkt innanfor de retningslinjer som Stortinget har gitt. Det er i nedre delen av Bondhusdalen utbygginga skal føregå, ikkje i øvre delen som er mest eksponert for turisme.

2) Negativt for Fossekall.

Utbygginga vil ikkje skade hekkemuligheter for Fossekall.

3) Negativt for mose- og lav som veks på og i området.

Dette har vi grunna. Det er ingen raudlisteartar i nærleiken til vassvegen og med ein restvassføring på 30-50% i vekstsesongen kan me vanskelig sjå at kraftverket er til vesentlig skade for vekstmiljøet for mose eller lav som veks i Bondhusdalen.

4) Negativ verknad på landskap og naturoppleving i Bondhusdalen.

Ved ein auka minstevassføring i turistsesongen (juni-sept) vil den visuelle opplevinga av Bondhusdalen ikkje få noko særleg påverknaden frå utbygginga.

5) Negativ verknad på fiske i vassdraget og området i fjorden utanfor.

Bondhuselva var ei bra fiskeelv fram til 1990-åra, p.g.a. at det vart sett ut fisk av Statkraft, og at det var røming av fisk frå oppdrettsanlegget i elva. Det er no slutt begge deler, og fisket har gått dramatisk ned. Det er kvart år rapportert til FYM fiske i elva så desse data er kjende. I 2007 vart det fanga: ti laks og 15 sjøaurar dette er svært lite. Det kan gå år mellom kvar gong det vert observert gytefisk lenger opp enn området for stasjonsplassering, og omtrent all fiske etter laks føregår nedanfor planlagd stasjonsområde.

6) Skjemmande inntak og røyrgate for naturoppleving.

Verken inntak eller vassveg vil være særlig synlig frå vegen opp til Bondhusvatnet. Inntaket er plassert og utforma så skånsamt som mogleg. Sjå også fotomontasje inntak.

7) Ingen verknad på lokal næringsutvikling.

Inntektene frå kraftverket som grunneigarane får, vil vera ein svært viktig del av verdiskapinga som dei fleste i bygda vil ta del i. Dei som driv turisme som tillegg til gardsdrifta kan få ei forsvarleg drift og vil kunne satsa vidare.

8) Nærleik til nasjonalparken.

Grensa til landskapsvernområdet for Folgefonna Nasjonalpark ligg i området for inntaket og er vist som ei forholdsvis tjukk strek på kart, men er ikkje sett ut i marka. Tilkomstmønsteret har endra seg, turistane har dårlegare tid og ynskjer å køyra lengst mogeleg fram til breen, noko dei kan gjera heilt fram til breen i Jondal. Det er i området på Folgefonna i Jondal at det er flest turistar som nyttar tilbodet om bre-vandring og andre opplevingar knytt til

fonna, når ein ser bort frå dei guida turane opp Bondhusdalen til Fonnabu og over Folgefonna til Odda.

9) Utgreiingsnivået er for lågt.

Viser til utgreiing ovanfor for dei ulike tilhøva. Søknaden er bygd opp slik retningslinene frå NVE var utforma på søknadstidspunktet.

Utbyggjar sin konklusjon

Ingen er ueinige i landskapskvalitetane i Bondhusdalen, men dei kjem først og fremst lenger inne i dalen. I influensområdet er kulturlandskapet berørt med beitemark, dyrka mark og ikkje minst svære overføringslinjer i luft. Det vert drive aktivt jordbruk på denne delen av Bondhusdalen med maskinkøyring på begge sider av elva. Arealmessig er om lag 93 % av arealet til gardsbruka på Bondhus verna gjennom nasjonalpark og landskapsvernområde, det omsøkte kraftverket ligg i dei resterande 7 % av arealet som gardbrukarane skal skaffa seg inntekter frå.

Sjølv om Bondhusdalen er mykje nytta til friluftsliv, meiner me at utbygginga er av ein slik art at dalen ikkje misser sitt særpreg. Turistsesongen er fyrst og fremst i sommarhalvåret då elva har ein høg restvassføring. Tiltaket vil vera lite synlig i terrenget og vil derfor ikkje vera til skade for turgåing og friluftsliv. Utbyggingstrekninga utgjer ein kort del av Bondhusdalen. Inntaket (kote 120) vil vera ca. halvvegs på strekninga frå parkeringsplassen til Bondhusvatnet.

Etter at anleggsarbeida er avslutta, er terrenget tilbakeført til mest opphavlege utsjånad. Det som er synlig er kraftstasjonen og inntaket. Inntaket vert delvis skjult pga. at det vert nytta ein naturleg fjellterskel i elva som "dam". Kraftstasjonen vert liggjande i eit område med høg grad av landbruksaktivitet.

For at Bondhusdalen fortsatt skal vera eit føretrekt turismål, er det viktig at det er drift på gardane og beitedyr som held kulturlandsskapet i stand. Denne kraftutbygginga vil vera med å auka grunnlaget for vidare drift. Dessutan er dei som driv med turisme i bygda med på utbygginga.

Utbyggjar er villig til å diskutera auka minstevassføring i turistsesongen og føreslår å leggja opp til ei minstevassføring mellom 1. juni og 1. september som er 3 gonger alminneleg lågvassføring dvs. 870 l/s, og ei minstevassføring i resten av året som er litt over alminneleg lågvassføring dvs. 300 l/s. Ei minstevassføring i denne storleiken vil vera positiv for naturoppleving på den korte strekninga i Bondhusdalen som vil få redusert vassføring pga. utbygginga. Ei auka minstevassføring til 870 l/s frå 1. juni til 1. september vil redusera årsproduksjonen med ca. 1,3 GWh som igjen betyr stor reduksjon i inntektene for kraftverket.

Alternativ	1 (allm. lågvassf.)	2	3	4 (5-persentil)
Minstevassføring (m ³ /s)	0,290	0,580	0,870	1,1
Årsproduksjon (GWh)	16,7	16,0	15,4	14,9

Tabell 2: Ulike minstevassføringer i sommarperioden frå 1. juni til 1. september.

Vintervassføringa er konstant 0,300 m³/s frå 1. september til 1. juni.

Eit anna tiltak er å byggja tersklar. Det vil truleg ha større effekt for å visa vatn (vannspegel) enn auka minstevassføring, sidan elva på delar av strekninga forsvinn i grusen ved låge vassføringer.

Me kan med dette ikkje sjå at tiltaket vil ha negativ påverknad verken på biologi, dyre-, fiske- eller fugleliv.

Utfyllande kommentarar til Hydrologi for Bondhus kraftverk

Det har i høyringsuttalelsane vore fleire kritiske merknader til konsekvens for vassføring. Me vil derfor her gjennomgå dette for å klargjera dei reelle konsekvensane ein utbygging vil ha på vassføringa i elva.

Ser me på avrenningskurven i vinterhalvåret januar til ut mai (ca. 150 dagar) ser me av kurvene at for både vått, middels og tørt år har elva ein relativ låg vassføring i høve til gjennomsnitt for heile året. I denne perioden vil det derfor vera alminnelig lågvassføring som er minstevassføring.

Produksjonen vil derfor ha liten verknad for vassføringa i elven, då det enten er for lite vatten til produksjon av kraft eller regn med stor vassføring. Både i vått og tørt år har elva ein større periode med regnvatn, men også desse åra vil store deler av tida berre ha ein avgrensa periode med vassføring over alminnelig lågvassføring. Også her vil regnperiodane medføre at avrenninga vert betydelig større enn maksimal slukeevne med betydelig restvassføring. For tørt år vil mesteparten av avrenninga utover minstevassføring verta nytta til produksjon.

Konklusjon vil vera at for perioden januar til mai vil elva i hovudsak renne med alminnelig lågvassføring forutan i milde periodar med regn, då vil avrenninga vera til dels betydelig over maksimal slukeevne og største delen av avrenninga vil verta restvassføring. Det normale er at elva renn med ein vassføring på eller litt over alminnelig lågvassføring. Med produksjon vil flomperiodane verta litt færre og kortare. Det er også mykje snø og is som dekker elva på denne tida slik at største delen av vassføringa vil vera lite synlig uansett.

Snøsmeltinga startar frå midten av april til ut i mai. I denne perioden vil vassføringa raskt auke frå ein vassføring litt over alminnelig lågvassføring til over 5000 l/s. Med bretilsaget vil vassføringa halda seg på høgt nivå utover hausten i eit normalår. For vått år varer denne perioden frå dag 125 til ca. dag 325. For middels år varer denne perioden frå ca. dag 140 til dag 315. For tørt år er denne perioden litt kortare og varer frå dag 185 til rundt dag 275.

Konklusjon vil være at kraftverket vil ha ein produksjonstid som ikkje varierar så mykje frå år til år, og ikkje er så avhengige av turre eller våte år, då turbinen kan produsera på disponible vassmengder mellom 450 og 4800 l/s.

For sommarsesongen vil vassføringa i eit vått år vera over 5000 l/s frå dag 150 til dag 310, dvs. starten av juni til starten av november. For et middels år vil vassføringa vera over 4000 l/s frå dag 145 til dag 310 dvs. frå starten av mai til starten av november med tre unntak - i juli, september og oktober - då avrenninga er litt under 4000 l/s. For eit tørt år er avrenninga over 4000 l/s i frå dag 180 til dag 290 dvs. frå starten av juli til starten av november, med unntak av tre periodar - i juli, august og oktober - med lågare avrenning enn 4000 l/s.

Både for vått og middels år vil vassføringa falle bratt rundt dag 330 dvs. slutten av november. For tørrår er det tørke og liten vassføring før dette tidspunktet også. For middels år er det nesten nede på alminnelig lågvassføring i desember. For vått år er det noko meir vassføring, men produksjonen reduserer dette til minstevassføring i største delen av desember. Tørrår har ein markert auke i vassføringa i denne perioden.

Konklusjon er at produksjonen vil bringe vassføringa ned på minstevassføring i slutten av november/starten av desember. Dvs. vintervassføring på rundt alminnelig lågvassføring vil inntreffe noko tidlegare enn normalt.

Totalt kan det konkluderast med at for ein langperiode mai til november vil vassføringa vera stor både i vått, middels og tørt år at det normalt vil være ein betydelig del av vassføringa i elva

som ikkje vert nytta i produksjon. I vinterhalvåret desember til mai er det normalt liten vassføring, ned mot alminnelig lågvassføring, med regnflaumar. Med produksjon vil vintervassføringa normalt være alminnelig lågvassføring med nokon færre regnflaumar, men i vinterperioden vil elva også i stor grad ha isdekke.”

Tilleggsuttalelse etter sluttbefaringen 14.10.2008:

Bergen Turlag, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland og Naturvernforbundet uttaler i brev av 06.11.2008:

” ...

Denne tilleggsuttalen er en uttale gitt felles sammen med Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland (NJFF-Hordaland), Naturvernforbundet i Hordaland og Bergen Turlag inkl. Kvinnherad Turlag. Vi vil med dette presisere at vi fortsatt holder fast ved vår tidligere felles uttale av 04.10.07, og vi støtter også uttalen gitt av Fylkesmannen i Hordaland.

Som tidligere uttalt har Bondhusdalen svært store kvaliteter og interesser knyttet til landskap, friluftsliv, opplevelser, kulturhistorie, kvartærgeologi og ikke minst er Bondhuselva en meget god lakse- og sjøørretelv. DNT og Bergen Turlag mener dessuten at områdets verdi for friluftslivet ikke kan vurderes som et isolert inngrep i Bondhusdalen, men må vurderes sammen med de øvrige vassdragene ved Folgefonna nasjonalpark, der svært mange enten allerede er utbygd eller det er planer om utbygging, like ved grensen til nasjonalparken. I dette tilfellet er det til og med snakk om inngrep inne i, eller helt inntil Bondhusdalen landskapsvernområde inntil nasjonalparken.

Bondhusdalen er som nevnt i tidligere uttale, etter Baroniet i Rosenal, den mest besøkte og mest populære dalen vest for Folgefonna. Området er en av de mest brukte innfallsportene til nasjonalparken. Det er bl.a. fordi dalen og elva representerer en helhet fra fjord til fjell som har store verdier og er lett tilgjengelig. Den gamle Isvegen opp Bondhusdalen gir også adkomst med rullestol, barnevogn og sykkel.

Det må igjen presiseres at Bondhusdalen er et rekreasjonsmål i seg selv og er i tillegg kanskje det viktigste og letteste oppmarsjområde til breen og nasjonalparken. Vedlagt er noen utdrag fra boka ”Opptur Hordaland. 276 fotturar”, av Anne Rudsengen og Finn Loftesnes, Selja Forlag/Bergen Turlag 2007. Det vises spesielt til turbeskrivelsene ”09-02” og ”09-02”, som beskriver de to klassiske turene fra Sunndal, opp Bondhusdalen og til henholdsvis Breidablikk og Fonnabu samt til Bondhusbreen.

Statens naturoppsyn i Rosendal målte i juli og august i år at det var over 9 000 passeringer av turgåere/turister i Bondhusdalen. Ifølge Ænes og Mauranger Bygdalags nettside så har det vært en markert økning i turiststrømmen i Bondhusdalen etter at Folgefonna nasjonalpark ble åpnet av H. M. Dronning Sonja i 2005. Vedlagt er også et bilde av steinen med dronningens signatur, som er å finne på seremonistedet ved osen til Bondhusvatnet. Steinen, som dokumenterer nasjonalparkåpningen, er en severdighet, attraksjon og turmål i seg selv.

Når det gjelder viktigheten av området for friluftsliv så viser vi dessuten til Fylkesmannen i Hordaland sitt nylig offentliggjorte kart over regionalt viktige friluftsområder i Hordaland, hvor bl.a. det aktuelle området har status som svært viktig (se <http://www.fylkesmannen.no>). Vi bemerker også at området er gitt stor verdi i Fylkeskommunens foreløpige temakart ”Fjordlandskap”, som er å finne på <http://www.hordaland.no>.

Pga. at vi ser et stort press på vassdragsutbygging i natur- og friluftområder generelt og spesielt rundt Folgefonna, vil vi her be om at det omsøkte tiltaket sees i sammenheng og vurderes sammen med pågående saksbehandling av utbyggingsplaner i naboområdene. Vi tenker spesielt på de to omsøkte prosjektene Kvitno kraftverk øst for Folgefonna, og overføringsprosjektet Blådalsvatnet – Kvitnadalen - Juklavatnet noen kilometer nordøst for Bondhusdalen.

Selv om de tre prosjektene er av forskjellig karakter og størrelse er det et fellestrekk at de omfatter alle bekke-/elveinntak i randsonen til Folgefonna nasjonalpark, og områdene utgjør tre av de viktigste innfallsportene for turer til og på breen, i verneverdig bre- og vassdragsnatur. Alle tiltakene vil medføre inngrep som gir tap av landskapsverdier og arealer med inngrepsfri natur, reduksjon av vannføringer og dermed reduksjon i opplevelsesverdiene ved utøvelse av friluftsliv i områdene.

Vi ber om at alle opplysninger og høringsuttaler som fremkommer i de to nevnte naboprosjektene, som også er under NVEs konsesjonsbehandling for tiden, tas med i den videre saksbehandling i NVE, for prosjektet i Bondhusdalen. Tilsvarende vil vi be NVE om det samme i tilleggsuttaler til de to prosjektene Blådalsvatnet - Kvitnadalen - Juklavatnet og Kvitno.

Sumvirkning av flere kraftutbygginger i denne regionen, sammen med at utbygging i Bondhuselva alene vil forringe Bondhusdalens og elvas regionale og nasjonale kvaliteter for friluftsliv, reiseliv, fiske og landskap, gjør at Bondhus kraftverk er uønsket fra Norges Jeger- og Fiskerforbund, Naturvernforbundet i Hordaland og Bergen Turlag inkl. Kvinnherad Turlag sin side.

Kommentarer til Kraftkarane AS sine merknader i forbindelse med søknad om løyve til bygging av Bondhus kraftverk

Når det gjelder adkomst til Folgefonna mener vi at det ikke finnes mange alternativ til Bondhusdalen, med de samme forhold. På de andre stedene som er nevnt, for eksempel Jondal, er ikke adkomsten like lett og forholdene ikke de samme og så flotte. Dessuten er flere av de andre adkomstområdene også truet av utbygging. Vi kan ikke neglisjere turene opp gjennom Bondhusdalen til Folgefonna, DNT-hyttene der og turene over Fonna til Odda, slik det er gjort i utbyggeres merknader til høringsuttalelsene.

Under sluttbefaringen kom det frem at planlagt anleggsveg og rørgate til sammen vil utgjøre et terrenginngrep med trasébredde ca. 20 m. En slik trasé vil ødelegge noen av de mektigste kvartærgeologiske formene på hele Folgefonnhalvøya. Vi er således uenige i at tiltaket ikke vil virke inn på landskapet når det er ferdig utbygd. Opplevelsesverdien vil forringes ved både irreversibelt terrenginngrep og redusert vannføring, noe som vil bli synlig for turgåere og turister i området. Utbygger sier selv at det er helheten i dalen som er grunnlag for opplevelsesverdien i Bondhusdalen. Bekkeinntak, rørgate inkl. anleggsveg og redusert vannføring vil utvilsomt påvirke negativt helheten og opplevelsen av området fra fjord til bre. Vedlagt er også et utsnitt fra hjemmesiden til Ænes og Mauranger Bygdalag: <http://www.mauranger.no/no/sider/Friluftsliv/Turstiar/>. Her vises bl.a. et kart med traseen for en rundtur i Bondhusdalen: "Bygdalagsturen Bondhus - Sandavollsteinen. Videre er de tre turene "T2", "T3" og "T4" vist på et annet kart og beskrevet:

- T2: Sundal - Bondhusvatnet - Vetledalen - Bondhusbreen*
- T3: Sundal - Fønderdalen - Pyttabreen*

T4: Sundal - Gardshammar - Breidablikk - Fonnabu

Vi stiller spørsmålstegn til utbyggers kommentar om at anlegget ikke vil bli synlig fra fjorden. Etter vår vurdering vil både deler av rørgate-/vegtrasé redusert vannføring og ny kraftstasjon inkl. nye overføringslinjer være synlig også fra fjorden, i tillegg til fra fjellene omkring og fra breen.

Utbyggers kommentarer til at våre påståtte sumvirkninger ikke har relevans for Bondhuselva mener vi ikke er riktige. Som tidligere nevnt er det ikke bare vannkraftprosjekter mellom Maurangerfjorden og Utne som truer Folgefonnhalvøyas egenart, men også de nevnte, nærliggende prosjektene med flere, dvs. rundt hele Folgefonna inkl. strekningen Maurangerfjorden - Åkrafjorden.

Merknader vedr. fisk og fiske

Bondhuselva har tidligere vært ei meget god fiskeelv, men problemer med særlig lakselus i Hardangerfjorden har redusert bestandene av laks og sjøaure de siste åra. I tillegg har Statkraft stoppet utsetninger av smolt i elva, som også kan ha bidratt til en viss nedgang i fisket i elva. Oppdrettsnæringen og myndighetene jobber imidlertid svært aktivt for å få bukt med luseproblemene i Hardangerfjorden, og i 2008 viser gytefisktellinger av laks og sjøaure i mange elver i Hardanger en økt oppgang av laks. Utsettingene av smolt kan også bli aktuelle på et senere tidspunkt, rognplanting kan her være et godt alternativ. Hele elvestrekningen, også ovenfor det påståtte vandringshinderet der vannet renner nede i grunnen deler av året, vil egne seg godt for utlegging av lakserogn. Elva vil da kunne produsere betydelige mengder laksesmolt og igjen gi et godt sportsfiske. Dersom kraftverket bygges vil smolten som rognplantingen vil produsere i stor grad havne i inntaket til kraftverket og bli drept i turbinene. Skulle smolt overleve vil den få store problemer med å passere minstevannføringsstrekningen. Eksempelvis er smolt svært utsatt for predatorer som fugl og mink på strekninger med lav vannføring. Det tidligere gode fisket i Bondhuselva viser at elva har et stort potensiale som sportsfiskeelv, eksempelvis har det tradisjonelt bodd mange laksefiskere på campingen i Sunndal. Dette bærer da også campingens egne nettsider preg av, se http://www.sundalcamping.no/m_scamp_fiske.htm.

Sportsfiskere som har fisket i vassdraget påpeker for øvrig at bratt elveparti i nedre del ikke er noe reelt vandringshinder for laks og sjøaure, slik søker hevder i kapittel 3.5. Søker har da heller ikke lagt ved noe bilde av dette området som viser den påståtte hindringen. Sportsfisket på den 2 km lange minstevannføringen vil selvsagt bli kraftig redusert siden mesteparten av vannet går via rør til kraftverket og ikke i elveløpet.

Selv det nylig framlagte forslaget fra utbygger om økt minstevannføring til 870 l/s om sommeren (1/6 - 1/9) og 300 l/s resten av året vil medføre betydelige ulemper for anadrom fisk i vassdraget. Laksen og sjøauren på den berørte strekningen på ca. 2 km vil få problemer både med vandring opp- og ned, gyteforholdene vil bli forringet og oppvekstmulighetene for yngel kraftig redusert.

I tillegg er det ikke utført el-fiske eller telling av gytefisk ovenfor det påståtte vandringshinderet, dvs. ovenfor strekningen der elva ofte renner nede i grove masser. Søkerne hevder i søknaden (kap. 3.5) at vannet forsvinner ned i grunnen over en lengre strekning, og at verken anadrom fisk eller "småkjøe" kan vandre opp eller ned denne strekningen. Ingen av de svært tallrike bildene av den berørte elvestrekningen mellom inntaket og utløpet til kraftverket viser noen tørrlagte partier, selv om bildeseriene er tatt til ulike årstider og ved ulike - også relativt lave - vannføringer. Søkerne hevder at laksen og sjøauren stoppes ca. 2,5 km fra sjøen, og nedenfor inntaket. Ingen av de tallrike bildene fra vedlegget til søknaden viser så langt vi kan se noen tydelige vandringshinder. NJFF-Hordaland stiller seg tvilende til at dette er et reelt

vandringshinder for laks og sjøaure på flomvannstander. Det må derfor foretas en fiskeribiologisk undersøkelse ovenfor planlagt inntak for å dokumentere at det ikke finnes gytefisk/ungel av laks og sjøaure i dette området. Dette mangler i dag i søknaden, og søknaden inneholder generelt lite informasjon om fiskebestanden i vassdraget.

Konklusjoner fisk/fiske:

- Søknaden er svært dårlig dokumentert når det gjelder virkninger for fisk, og gjentar i hovedsak bare påstandene fra søknaden i sitt tilsvarebrev fra mai 2008
- Ingen dokumentasjon ved for eksempel bilder av de påståtte vandringshindrene i nedre del og i øvre del
- Bondhuselva har et meget stort potensiale som sportsfiskeelv ved tiltak som for eksempel rognplanting, et elvekraftverk vil redusere dette potensialet i stor grad
- Tiltak mot lakselus og rømming i oppdrettsnæringen i Hardangerfjorden vil trolig ha svært positive virkninger for lakse- og sjøaurebestandene også i Bondhuselva, som raskt vil kunne få et langt bedre sportsfiske enn de siste åra
- Sportsfiskemulighetene i elva blir totalt ødelagt da vannføringen i elveløpet blir kraftig redusert da mesteparten av vannet går i rør på hele den 2 km lange minste vannføringsstrekningen

NJFF-Hordaland, Naturvernforbundet i Hordaland, Bergen Turlag og Kvinnherad Turlag vil derfor gå sterkt i mot at søker får konsesjon for bygging av Bondhus kraftverk da ulempene ved prosjektet etter vår oppfatning er klart større enn nytteverdien av den relativt beskjedne nye kraftproduksjonen.”

Søkers kommentarer til tilleggsuttalelsen

Søker har i brev av 20.02.2009 kommentert høringsuttalelsen slik:

”...

1. Bergen Turlag tilleggsuttale til Bondhus kraftverk datert 06.11.08

Bergen Turlag har sendt ein tilleggsuttale til Bondhus kraftverk. Dei skriv at uttalen er felles for Bergen Turlag, Kvinnherad Turlag, NJFF- Hordaland og Naturvernforbundet i Hordaland. Uttalen er signert av Bergen Turlag og NJFF- Hordaland

- Statens Naturoppsyn i Rosendal registrerte i følge Bergen Turlag over 9000 passeringar av turgåarar/turistar i Bondhusdalen i juli og august.

Kommentar frå utbyggjar:

Det har gått hestar og sauer på beite der målarer står ved ei grind. Hestane har stått mykje ved grinda og målarer er plassert slik at hestane truleg er talde kvar gong dei har passert.

- Bergen Turlag skriv at området er gitt stor verdi i Fylkeskommunen sitt foreløpige temakart ”Fjordlandskap”.

Kommentar frå utbyggjar:

Dette temakartet høyrer til arbeidet med fylkesdelplanen for småkraftverk i Hordaland som etter planen skal leggjast ut på høyring vinteren 2009 og er forventa vedteken hausten 2009. Fylkeskommunen har vore heilt klare på at dei held seg til gjeldande

retningslinjer før den nye planen vert vedteken. Når det gjeld områda som er gitt stor verdi som fjordlandskap i det foreløpige kartet, så er ikkje det spesielt for Bondhus, men det gjeld for heile Hardangerfjorden i kommunane Kvinnherad, Kvam, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Jondal og Odda. Kva som vert endelege avgrensningar og kart er ikkje klart før planen er politisk vedteken av Hordaland Fylkeskommune. Før den bli lagt ut på høyring må det også gjerast eit politisk vedtak om at fylkesdelplanen kan leggjast ut på høyring slik den er.

- *Bergen Turlag skriv følgande: "Vi kan ikke neglisjere turene opp gjennom Bondhusdalen til Folgefonna, DNT hyttene der og turene over Fonna til Odda, slik det er gjort i utbyggers merknader til høringsuttalelsene".*

Kommentar frå utbyggjar:

Her må Bergen Turlag ha misforstått våre kommentarar til høyringsuttalane datert 130508. Det som står der er følgande: "Det er i området på Folgefonna i Jondal at det er flest turistar som nyttar tilbodet om bre-vandring og andre opplevingar knytt til fonna, når ein ser bort frå dei guida turane opp Bondhusdalen til Fonnabu og over Folgefonna til Odda."

- *Bergen Turlag skriv "at planlagt anleggsveg og rørgate til sammen vil utgjøre et terrenginngrep med trasebredde på ca. 20 m. En slik trase vil ødelegge noen av de viktigste kvartærgeologiske formene på hele Folgefonnhalvøya"*

Kommentar frå utbyggjar:

Sjølv sagt ber heile Bondhusdalen preg av kvartærgeologisk utforming, i likskap med dei fleste dalane på Vestlandet. (U-dal, botnmorene osv). Men traseen går i eit område som ikkje er peika på som særskild verdifullt. I rapporten "Folgefonna Nasjonalpark, oppfølgjande utgreiingar 2000 Kvartærgeologi" laga av institutt for geografi ved UiB, er det peika på ei rekke formasjonar som er spesielle (Randdeltaet nede i dalen, områda framfor Bondhus- og Pyttabrea, ein del side- morener, endemorener flyttblokker og esker). Men traseen kjem ikkje i nærleiken av nokon av desse. Det er ca. 500 meter av den 1715 meter lange rørgata som ikkje vil gå over dyrka mark eller i eksisterande veg. På den ca. 500 meter lange strekningen er det gjødsling kulturbeite, heilt utan anna vegetasjon enn gras. Dermed er det lett å få tilbake til naturleg tilstand etter at anleggsarbeidet er ferdig. Større steinar vil bli flytta og teke vare på slik at når arbeidet er ferdig, vil det tilnærma sjå ut som før.

- *Bergen Turlag skriv om heilskapen i dalen som vert påverka negativt.*

Kommentar frå utbyggjar:

Rørgata vil ikkje vera synleg anna enn i anleggsfasen og til det har grodd igjen. Stasjon vil ikkje skilja seg ut frå andre bygningar i Sundal. Av terrenginngrep er det kun inntaket som vil vera synleg, men det vil som nevnt i konsesjonssøknaden, verta nytta ein naturleg terskel i elva. Dette er vist på bilete nr. 2 og 3. Nettilkoblinga må gjerast med luftspenn pga. kryssing av elva og vil dermed til ei viss grad vera synleg. Det må og nevast at det går 2 store 300 kV kraftlinjer over Sundal i dag. Vassføringa vil verta redusert, men minstevassføringa vil kompensera for opplevingsverdien på den strekninga det gjeld. Verdiane i Bondhusdalen ligg ovanfor inntaket, ikkje der det vert drive aktivt landbruk!

- *Bergen Turlag skriv at dei meinar røyrgate/vegtrase, redusert vassføring og ny kraftstasjon inkl. nye overføringslinjer vil vera synleg frå fjorden.*

Kommentar frå utbyggjar:

Dette er feil. Det vil ein oppdaga med ein gong når ein er i Sundal.


- *Bergen Turlag skriv om turane til Ænes og Mauranger Bygdalag*

Kommentar frå utbyggjar:

Det er rett at Bygdalaget i 2008 sette opp eit turforslag med ein rundtur på begge sidene av elva. Dette er eit opplegg der Bygdalaget kvart år set opp 5 nye turforslag for å prøva å få folk til å ta i bruk nye områder. Dei som går turane vert premierte på 17. mai. Til vanleg er det absolutt ikkje turisttrafikk om sommaren på bortsida av Bondhuselva. Grindane vert, av grunneigaren som har dyr på beite der, surra fast og er dermed ikkje råd å opna om sommaren.

Historiske fakta om Bondhuselva som fiskeelv:

Før den store reguleringa for 35 år sidan, var det ein del aure i elva. Det vart fiska ein del sjøaure, og ein god del bekkeare (kjøa), men elva har aldri vore klassifisert som ei lakseelv. (Jamfør fiskeforvalter Kambestad hos Fylkesmannen i Hordaland). Sjå også kartet nedanfor frå websidene til Fylkesmannen i Hordaland som viser laksestammene i Hordaland. Her er ikkje Bondhuselva med.



Kartet syner laksestammene i fylket.

Bilete 1: Kart frå Fylkesmannen i Hordaland som viser laksestammer i Hordaland.

Etter utbygginga vart fisket sterkt redusert, men Statkraft vart pålagt, som eit konsesjonskrav, å setja ut mellom 10 000 – 20 000 aure og laksesmolt kvart år, og dette ga naturlegvis ein viss oppgang i fisket, men kjøa vart og er fortsatt borte. Dei første åra etter at smoltanlegget Mauranger Laks etablerte seg i elva, vart det nokre år med bra fiske av laks på grunn av utslepp av smolt frå dette anlegget.

No er situasjonen tilbake til slik den var etter utbygginga i 70-åra. Nye haldningar til utslepp av oppdrettsfisk, gjer at dette er heilt slutt, og Statkraft får ikkje lenger lov av Fylkesmannen til å setja ut smolt i elva. Ny kunnskap om aure og laks viser at slik utsetting ikkje er ein berekraftig måte å forvalta ei fiskestammer på. (Jamfør fiskeforvalter Kambestad hos Fylkesmannen i Hordaland).

Resultatet er at fisket dei siste 5-6 åra er tilbake til eit minimum. Ca. 10 aurer og ca. 5 lakser for året. Dette er godt dokumentert i svaret på høyringsuttalane frå utbyggjar, datert 130508.

ELVEFISKE, ANADROME LAKSEFISK, 2008, HORDALAND																				
Kommune	K. nr.	Vassdrag	Laks									Sjøaure		Sjørege		Merknader				
